


20
24

Berekraftsrapport

Innhald



Nøkkeltal 2024	3	Policyar i samband med eigne tilsette	47
Administrerande direktør har ordet	4	Rutinar for kontakt med eigen arbeidsstyrke og arbeidstakarrepresentantar	48
01. Generelle opplysningar	5	Rutinar for å motverke negative påverknader og kanalar der ein kan gje uttrykk for bekymringar	48
Grunnlaget for rapporteringa	7	Tiltak og strategiar for vesentlege påverknader på eigen arbeidsstyrke	48
Leiinga sitt ansvar for berekraft	9	Mål for korleis vesentlege negative påverknadar skal handterast,	
Integrering av berekraftsrelaterte resultat i insentivordningar	11	positive påverknader styrkast og moglegheiter handterast	50
Uttale om aktsemdsvurderingar	12	Opplysningar om foretaket sine tilsette	51
Risikostyring og internkontroll av berekraftsrapporteringa	13	Opplysningar om ikkje tilsette arbeidere i foretaket sin eigen arbeidsstyrke	52
Strategi, forretningsmodellar og verdikjeder	13	Parametrar for mangfald	53
Interessentdialog	16	Tilstrekkeleg løn	54
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	19	Sosialstønad	54
Slik har vi arbeidd for å finne vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	20	Parametrar for opplæring og kompetanseutvikling	54
Prosessen med å fastsetje og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	21	Parametrar for arbeidsmiljø	54
Rapporteringskrava og datapunkta i ESRS som er dekte	27	Parametrar for godtgjersle (forskjell i løn og samla godtgjersle)	54
02. Miljøinformasjon	29	Hendingar, klagar og alvorlege brot på menneskerettar	56
Taksonomi	31	Påverka lokalsamfunn	57
Klimaendringar	33	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for påverka lokalsamfunn	57
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for klima	33	Strategiar for råka samfunn	58
Styring av klima- og energiområdet	34	Rutinar for kontakt med råka samfunn om påverknad	58
Omstillingsplan for avgrensing av klimaendringar	34	Rutinar for å avhjelpe negative påverknader, og kanalar der	
Vesentlege påverknadar, risikoar og moglegheiter og deira samspel med strategi og forretningsmodell	34	råka samfunn kan gi uttrykk for bekymringar	58
Policyar for avgrensning og tilpassing til klimaendringar	34	Tiltak og måloppnåing for vårt samfunnsansvar og samfunnsengasjement	59
Tiltak og ressursar i samband med policyar for klimaendringar	35	04. Styringsmessig informasjon	60
Mål knytt til til avgrensning og tilpassing til klimaendringar	35	Forretningsskikk	62
Energiforbruk og energimiks	37	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for	
Brutto klimagassutslepp innanfor scope 1, 2, 3 og samla klimagassutslepp	38	deira samspel med strategi og forretningsmodellar	62
Klimarekneskapen 2024	39	Rolla til administrasjonen, leiinga og kontrollorgana	63
03. Sosial informasjon	44	Strategiar for god forretningsskikk og bedriftskultur	63
Eigne tilsette	46	Handtering av leverandørar	64
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for eigne tilsette	46	Betalingspraksis	64


Nøkkeltal 2024




Omsetnad
3,9 mrd




Før skatt
-0,1 mrd



Balanse
10,7 mrd





EBITDA
1,3 mrd




Eigenkapital
0,9 mrd



Investeringar
1,7 mrd



Antal fartøy



Hurtigbåtar
6




Ferjer
74



Innleigde fartøy
2




Seilte turar
743 000



Heilelektriske samband
24



Solgte kaffikoppar
636 000



Nautiske mil
2 248 000



Elektriske ferjer
39



Solgte sveler
461 000

Administrerende direktør har ordet



Det er med stor glede – og med et sterkt engasjement at eg presenterer Fjord1 sin berekraftsrapport for 2024. Dette markerer eit viktig vendepunkt for oss: Det er vår første rapport som følgjer strukturen i den europeiske standarden for berekraftsrapportering (ESRS), og ein milepæl i vår langsiktige forplikting om å vere ei leiande kraft i det grønne skiftet. Sjølv om vi ikkje formelt er pålagt å etterleve direktivet enda, er vi forplikta til å jobbe mot dette i åra som kjem.

Vi står midt i ei tid prega av store globale endringar – økonomisk, geopolitisk og klimamessig. Det gjer det tydelegare enn nokon gong kvifor vi treng ansvarlege aktørar som tenker langsiktig og handlar målretta. Fjord1 har ei heilt sentral rolle som leverandør av samfunnskritisk infrastruktur langs kysten. Vårt oppdrag handlar ikkje berre om transport – det handlar om å binde lokal-samfunn saman, sikre mobilitet for folk og næringsliv, og vere ein langsiktig verdiskapar i regionane vi opererer i.

Med våre 1136 tilsette er vi ein stor og viktig arbeidsgivar, og det er nettopp desse dyktige menneska som kvar dag held hjula i gang – på fjordar, på ferjekaier og kontor. Deira innsats, kompetanse og dedikasjon gjer det mogleg for oss å realisere våre ambisjonar som samfunnsaktør. Sosial berekraft handlar difor ikkje berre om HMS og rekruttering – det handlar om å skape eit fellesskap prega av tillit, meistring og utvikling.

Vi har i 2024 halde fram med å utvikle og ta i bruk ny teknologi som bidreg til lågare utslepp, betre energi-

effektivitet og tryggare drift. Overgangen til låg- og nullutsleppsteknologi har redusert vårt samla karbon-avtrykk i verkeområde 1 og 2, og vi ser konkrete resultat av dei langsiktige investeringane vi har gjort. Når den nye ferjekontrakten for Sogn og Fjordane trer i kraft i 2027, vil dieselferjer vere historie i Fjord1 – eit symboltungt bevis på kor langt vi har kome.

Samtidig er vi godt i gang med verdas første autonome ferjesamband, eit prosjekt som vil kunne endre måten vi tenker kollektivtransport på. I 2024 vart ein ny milepæl nådd med stålkutting på det første fartøyet, og bygginga av kontrollsenteret på land er under full utvikling. Dette er ikkje berre teknologiutvikling – det er framtidsbygging.

Det same gjaldt då vi tok over bybårutene i Stavanger frå januar 2024, vår andre miljøkontrakt innan hurtigbåt. Med det styrkar vi ambisjonen vår som leiande innanfor grøn sjøtransport, samtidig som vi bidreg til utsleppsreduksjon i nye delar av landet.

Framover ser vi at behovet for grøn infrastruktur berre vil auke. Men vi ser også at utfordringane endrar seg med knappheit på arbeidskraft, meir krevjande marknad og auka krav frå både kundar og myndigheiter. Difor satsar vi ikkje berre på teknologi, men også på menneske. Vi har sett i verk fleire rekrutteringstiltak, og vi arbeider målretta for å sikre eit trygt, inkluderande og utviklande arbeidsmiljø for alle våre tilsette.

Fjord1 si berekraftsreise er langt frå over – den har så vidt begynt. Denne rapporten viser både kor vi står i dag, og kor vi skal vidare. Eg vil rette ei varm takk til alle våre interessentar – tilsette, passasjerar, kundar, leverandørar og eigarar – for engasjementet og samarbeidet. Saman skapar vi eit grønar, smartare og meir berekraftig Noreg.

Velkomen til å lese – og til å bli med oss vidare på reisa!

Dagfinn Neteland,
Administrerende direktør i Fjord1

01




Generelle opplysninger

ESRS 2



I kapitlet Generelle opplysningar presenterer Fjord1 nøkkeltal og prinsipp vi har følgd i utarbeidinga av denne berekraftsrapporten. Dette gir innsikt i selskapet sitt engasjement for å drive verksemda på ein berekraftig måte.

Årsverk

**1 165**Kjønnsfordelinga
sjø- og landfilsette**86/14**Kjønnsfordelinga i styret
(eks. observatørane)**50/50**Kjønnsfordelinga i
bedriftsleiinga**80/20**

Generelle opplysningar

BP-1 og 2:

Grunnlaget for rapporteringa

Berekraftsrapporten for 2024 er den første rapporten frå Fjord1 som er utarbeidd med utgangspunkt i den europeiske standarden for berekraftsrapportering. Målet vårt har vore å følgje standarden så langt det går. Berekraftsrapporten er godkjend av styret og inkluderer selskapa Fjord1 og F1 Administrasjon, som utgjør det vesentlegaste av konsernet. Klimarekneskapen, som er ein del av berekraftsrapporten, er utarbeidd på same konsoliderte grunnlag som årsrekneskapen.

Berekraftsrapporten tek føre seg perioden 1. januar til 31. desember 2024. I tillegg til eiga verksemd omfattar også berekraftsrapporten oppstraums- og nedstraumsaktivitetar. Vi har gjennomført ei kartlegging i dei ulike kjerneprosessane, med mål om å skaffe meir inngåande kunnskap om positive og negative påverknader, i tillegg til kvar i verdikjeda påverknadene oppstår.

Berekraftsrapporten presenterer strategi, styring og resultat i Fjord1 knytt til vesentlege berekraftstema. Denne generelle informasjonsdelen presenterer identifiserte vesentlege berekraftrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter. Vi opplyser også om prinsippa for berekraftsrapporteringa, som dannar grunnlaget for utarbeidinga av rapporten.

Nokre måltal om miljøkontraktar er utelatne frå rapporten fordi dette er konkurransesensitiv informasjon.


Prinsipp for berekraftsrapportering

Føremålet med rapporteringa frå Fjord1 er å gje interessentane eit korrekt og balansert bilete av dei vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene våre (IRO) og av relevante aspekt, aktivitetar, praksisar og resultat for 2024. Sidan denne rapporten er vår første med ambisjon om å følgje prinsippa i European Sustainability Reporting Standards (ESRS), har det meste av utarbeidinga og presentasjonen av berekraftsinformasjon blitt oppdatert for å oppfylle den nye standarden.

Det blir ikkje gitt noko detaljert oversikt over endringar samanlikna med tidlegare rapportering for denne rapporten, ettersom det ikkje er eit spesifisert krav det første året. Når det gjeld rapportering for klima og miljø, har Fjord1 konsentrert innsatsen om å utarbeide eit meir fullstending klimarekneskap for verkeområde 3. Delar av datapunkta i ESRS E1 og rapportering for delkapitla ESRS E2 og E5 er utelatne frå årets rapportering.


EU har føreslått framtidige endringar i berekraftsrapporteringa i samsvar med CSRD. Desse endringane har som mål å gjere rapporteringskrava meir proporsjonale og mindre byrdefulle for bedrifter, samtidig som dei held oppe fokuset på berekraft og miljø. Fjord1 vil overvake eventuelle endringar i risikobiletet og vil revidere vår vurdering dersom det skulle oppstå nye relevante forhold.





Tidshorisont

Tidsrammene som er nytta i rapporten, avvik noko frå CSRD, ved at vi også har «svært kortsiktig» som ei tidsramme. Tidshorisonten er svært kortsiktig (under eit år), kortsiktig (eit til to år), mellomlang sikt (to til fem år) og lang sikt (over fem år). Tidsrammene er valde for å samsvare med vår type næring, finansielle rapporteringsprosedyrar, gjeldande intern langtidsplanlegging og eksterne interessentar sine forventningar til klimapåverknad. For alle vesentlege berekraftsforhold tek vi sikte på å ha mål for kortsiktig planlegging, og ambisjonar som skildrar planlegginga vår på mellomlang sikt.



Estimering av data frå verdikjeda

Estimering av data frå verdikjeda til klimarekneskapen er i hovudsak gjort ved kostnadsbasert utrekning. Fjord1 har estimert data ved hjelp av bransjegjennomsnittlege data og andre estimat. For drivstoff og energiforbruk i drifta er tal i hovudsak baserte på målepunktdata og reelle tal. Dette er skildra i delkapittel E1.

Presisjonsnivået for desse estimata er vurderte til å vere moderat og godt nok til å få eit bilete av kvar utsleppa til Fjord1 er størst.

For å forbetre presisjonen i framtida planlegg Fjord1 å:

- auke samarbeidet med leverandørar for å få meir presise og direkte data om utslepp og energiforbruk.
- vurdere å innføre datainnsamlings- og analyseverktøy for betre overvaking og rapportering.
- gjennomføre jamlege kontrollar og oppdateringar av estimata basert på ny teknologi og beste praksis i bransjen.




Kjelder til uvisse i samband med estimering og resultat

Resultat frå dotterselskap er ikkje med i hovuddelen i denne berekraftsrapporten, men er inkluderte med estimat i klimarekneskapen, delkapittel E1.

For utslepp av klimagassar er den største måleuvisse knytt til tilgjengelegheita og kvaliteten på data frå leverandørar og samarbeidspartnarar i oppstraums- og nedstraums verdikjeda. Dette gjeld mellom anna estimat for gjenvinning av skip. Variasjonar i rapporteringsmetodar og datakvalitet påverkar presisjonen. Kostnadar til mål og tiltak er førebels ikkje estimerte. Det står att arbeid for å sette nøyaktige mål.

For tal og underlag til delkapittel Eigne tilsette (S1) kan det liggje feilregistreringar via sikkerheitsstyringssystemet vårt og feilregistrering i personalsystem som kan gje små avvik i rapporteringsgrunnlaget.



Overslag, tilnærmingar og skjønsmessige vurderingar som eininga har gjort ved målinga

Fjord1 har god oversikt på energiforbruk for fartøya. Det same gjeld for energiforbruket i heile konsernet: driftsorganisasjonen, administrasjonen og dotterselskapa. Det er usikkerheit knytt til måling av estimat av drivstofforbruk henta frå kilometer-godtgjering for forretningsreiser, pendling blant tilsette og estimering og innhenting og samanstilling av energiforbruk frå kontorstadene. Korleis utslepp av klimagassar er rekna ut, er nærare skildra i delkapittelet «Klima E1».

ESRS 2 GOV-1 og GOV-2:
Leinga sitt ansvar for berekraft

Fjord1 er eit norsk selskap med ein styringsstruktur som er basert på gjeldande norsk lovgjeving. Rollene til administrasjon, leing og tilsynsorgan er forankra i styringsdokumenta til selskapet, som er eigde av styret og selskapsleinga. Styret i Fjord1 er sett saman av åtte styremedlem per 31. desember 2024. Alle er uavhengige og utøvande medlem. Styreleiaren, nestleiaren og fire styremedlem er valde av generalforsamlinga. I tillegg er det valt to representantar frå dei tilsette som er medlem av styret. Styret har også fem observatørar: to tilsett-representantar og tre uavhengige medlem. Kjønnssfordelinga i styret er 50 prosent kvinner og menn, ekskludert observatørane, der éi er kvinne og tre er menn.

Styret har det overordna ansvaret for berekraft i Fjord1. Styret set krav og overvakar berekraftsarbeidet gjennom kvartalsvise statusar frå sikkerheitsdirektøren, som leiar berekraftsarbeidet. HMS- og berekraftsdirektør er ansvarleg for å bidra til at organisasjonen innlemmar alle relevante berekraftsaspekt i den overordna strategien, følgjer opp at dei vesentlege berekraftsprioriteringane blir tekne hand om, rettleier organisasjonen i berekraftsspørsmål og kommuniserer med interne og eksterne interessantar om berekraftsspørsmål.

Kompetansen om berekraft i styret er hovudsakeleg sikra gjennom dei ulike medlemmane sine erfaringar frå styrearbeid i andre organisasjonar, verv og stillingar. Styret og leinga sine synspunkt har vore inkluderte i prosessen med å identifisere dei vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene. Styret og bedriftsleinga har også gått gjennom og godkjent den doble vesentlegheitsanalysen i sin heilskap og godkjent.

Administrasjon og leing

Dei administrative og leiande tilsynsorgana i Fjord1 har eit klart definert ansvar for berekraft. Administrerande direktør er ansvarleg for å overvake og støtte dei ulike einingane i arbeidet med å setje i verk og gjennomføre dei etiske retningslinjene og andre berekraftsrelaterte retningslinjer. Openheitslova er forankra i berekraftsstrategien, og dessutan i retningslinjer og rutinar, som sikrar at ansvar og etterleving av openheitslova har ei faktisk og operasjonell forankring.

Selskapsleinga



Dagfinn Neteland
Administrerande direktør



André Høyset
Driftsdirektør



Anne-Mari Sundal Bøe
Økonomi- og finansdirektør



Eilert Nøttingnes
HMS- og berekraftsdirektør



Nils Kristian Berge
Teknologi og prosjektdirektør

Styret



Martha Kold Monclair
Styreleiar



Neil Marvell
Styremedlem



Angela Roshier
Styremedlem



Julia Collin Delavaud
Styremedlem



Antoine Cavallé
Styremedlem



Eric Nasby
Styremedlem



Mai-Lis Hvitsand
Styremedlem
(Tilsetterepresentant)



Bjørn Sørli
Styremedlem
(Tilsetterepresentant)



Shyam Rajani
Observatør



Floriane Marcon
Observatør



Søren Poulsgaard Jensen
Observatør



Thomas Rakstang
Observatør
(Tilsetterepresentant)



Egil Kirkebø
Observatør
(Tilsetterepresentant)

Styret i Fjord1

Namn	Stilling	Utdanning	Noverande styreverv	Erfaring, kompetanse og utdanning knytt til berekraft
Martha Kold Monclair	Styreleiar	Dr.scient/dr.oecon.	Styreleiar i Fjord1 Styreleiar i Ænes Inkubator AS Styremedlem i Hexagon Purus ASA Styremedlem i Hexagon Maritime AS Styremedlem i Edda Wind ASA Styremedlem i Reach Subsea ASA Styremedlem i Ocean Geoloop AS	Erfaring med tilrettelegging av bedriftsrapportering i samsvar med CSRD. Sertifisert gjennom deltaking i Board Responsibility for Sustainability Reporting (Norwegian Association of Certified Public Accountants) og «Driving Sustainability at Board level» (Academy Euronext Growth).
Angela Roshier	Styremedlem, partnar – leiar for verdiskaping	MBA frå London Business School – MA i geografi frå University of Cambridge.	Styremedlem i Ottoway Accommodation Companies Styremedlem i Fjord1 Styremedlem i Allia	Leia EGS-teamet ved CVC DIF mellom 2017 og 2023. Cambridge Institute for Sustainability Leadership – The Prince of Wales's Business and Sustainability Programme – 2019
Neil Marvell	Styremedlem, administrerande direktør, CVC DIF	Mastergrad i økonomi (Manchester University)	Styremedlem i Fjord1 Styremedlem i Dublin Waste-to-Energy Styremedlem i Medneo Styremedlem i 4th Utility Styremedlem i Rail First	Erfaring med berekraft gjennom styrearbeid.
Julia Collin Delavaud	Styremedlem	Mastergrad i bedriftsfinansar, Université Paris Dauphine	Medlem av representantskapet i Aéroports de la Côte d'Azur Styremedlem i Azzurra Aeroporti Srl Styremedlem i Fjord1 Styremedlem i Effra HaldCo AS Styremedlem i Effra MidCo AS Styremedlem i Effra BidCo AS	Erfaring med berekraft gjennom styrearbeid.
Antoine Cavaillé	Styremedlem, leiar for infrastrukturinvesteringar	IMT Atlantique – ESCP Business School	Styremedlem i Fjord1 Styremedlem i Nice Airport Styremedlem i Energy Asset Group (EAG) Styremedlem i Appia Styreobservatør i Databank	Erfaring med berekraft gjennom styrearbeid.
Eric Christopher Nasby	Styremedlem	BSc i Foreign Service, Georgetown University, MA i økonomi, Boston University	Styremedlem i Fjord1 Varamedlem i Oslo Varme	16 års investeringserfaring med ansvar for investor- og eigardialog med porteføljeselskap og investeringar, inkludert diskusjonar om berekraft.
Mai Lis Hvitsand	Styremedlem (tilsett-representant), catering	Vidaregåande skule	Styremedlem i Fjord1 Styremedlem i NSF	Nei
Bjørn Sørli	Styremedlem (tilsett-representant), kaptein	Maritim utdanning og opplæring	Styremedlem i Fjord1 (tilsettrepresentant)	Grøn omstilling, kurs i Fjord1-skulen
Shyam Rajani	Styreobservatør, assisterande direktør i CVC DIF	BSc (Hons) Rekneskap Autorisert rekneskapsfører	Styreobservatør i Fjord1 Styreobservatør i medneo UK Styremedlem i Ottoway Accommodation	Var tidlegare med i ESG-underkomiteen i Pantheon (tidlegare arbeidsplass).
Floriane Marie Marcon	Observatør i styret	EDHEC Business School	Styremedlem i Fjord1	Nei
Egil Kirkebø	Observatør i styret (tilsett representant), Systemansvarleg vedlikehald og IVU	Mastergrad i informasjonssystem	Styreobservatør i Fjord1 (tilsettrepresentant)	Nei
Thomas Rakstang	Observatør i styret (tilsettrepresentant)	Teknisk yrkesskule	Styreobservatør i Fjord1	Teknisk yrkesskule
Søren Poulsgaard Jensen	Rådgjevar for styret	Sals- og marknadsføringsgrad frå Copenhagen Business School	Styremedlem i Esvagt A/S Styremedlem i Abu Dhabi Ports Group Styremedlem i Ehrenberg-Sørensen Kommunikation	Erfaring og kompetanse om berekraft gjennom styrearbeid og tidlegare rolle som CEO.



Oversikt over bedriftsleiinga i Fjord1

Namn	Stilling	Utdanning	Noverande styreverv	Erfaring, kompetanse og utdanning knytt til berekraft
Dagfinn Neteland	Administrerande direktør (CEO)	Ingeniør med tilleggstudanning i økonomi og leiing.	Geiranger Fjordservice Presis Infra Baneservice Norske Lakseelver LOC	Erfaring og kompetanse gjennom arbeid med berekraft dei siste 5–6 åra.
Eilert Nøttingnes	HMS- og berekraftsdirektør	Bachelor i militære studium, leiarskap med fordjuping i nautiske fag, Sjøkrigsskulen		Ansvarleg for berekraftsarbeidet i Fjord1 frå 2024. Har delteke på ulike kurs om berekraft og berekraftsrapportering.
Nils Kristian Berge	Teknologi- og prosjektdirektør (CTO)	Sivilingeniør – Naval Architect-utdanning frå University of Strathclyde, Glasgow.	Styremedlem Geiranger Fjordservice AS	Erfaring og kompetanse gjennom arbeidet med berekraft i Fjord1.
Anne-Mari Sundal Bøe	Økonomidirektør (CFO)	Master i økonomi og administrasjon frå Noregs handelshøgskule	Styremedlem Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og WF Holding AS.	Erfaring og kompetanse gjennom arbeidet med berekraft i Fjord1 og koordinering av berekraftprosjekt i 2023.
Andre Høyset	Driftsdirektør (COO)	Høgskulekandidat i økonomi og administrasjon. Organisasjon og administrasjon grunnfag Cand.mag. Mastergrad i informatikk.	Styreleiar NHO Sjøfart Styreleiar Kalkaia Styremedlem Maritimt opplæringskontor Sørvest	Erfaring og kompetanse gjennom arbeidet med berekraft i Fjord1.

ESRS 2 GOV-3:

Integrering av berekraftsrelaterte resultat i insentivordningar

Fjord1 hadde ikkje bonusordningar knytt til berekraftsforhold for rekneskapsåret 2024. Det er ikkje oppretta eigne bonusordningar som er relaterte til dei vesentlege berekraftstema.

ERSR 2 GOV-4:

Uttale om aktsemdsvurderingar

Fjord1 forpliktar seg til å respektere grunnleggjande menneske- og arbeidsrettar i verksemda og gjennom heile verdikjeda. Tilnærminga til Fjord1 byggjer på aktsemdsvurderingar i tråd med FN sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv og menneskerettar (UNGP) og og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv. Gjennom

aktsemdsvurderingar vil Fjord1 jobbe med å førebyggje, redusere og gjere greie for risikoar som gjeld menneske-rettar, anstendige arbeidsvilkår og miljøpåverknad. Gjennom openheit, kontinuerleg forbetring og dialog med interessentane vil Fjord1 sikre eit berekraftig og ansvarleg forretningsgrunnlag.

Kjerneelement i aktsemdsvurderingar	Skildring i berekraftsrapporten
a) Integrering av aktsemdsvurderingar i selskapsstyring, strategi og forretningsmodell	Vi har retningslinjer for å sikre at både arbeidstakar- og menneske-rettar blir respekterte, både internt og i verdikjeda vår. Det er eit krav i openheitslova at ein skal utføre slike aktsemdsvurderingar årleg for å sikre at vi minimerer eventuelle negative konsekvensar av verksemda. Vidare følgjer vi alle leverandørar opp med eigenerklæring om HMS og samfunnsansvar.
b) Samarbeid med aktuelle interessentar i alle delar av aktsemdsvurderingane	Gjennom dialog med interessentane våre fastset vi krav og forventningar. Fjord1 har rutinar som sikrar undersøkingar og kontroll av leverandørane og investeringsselskapa våre, for å verne om menneskerettar og arbeidstakarrettar, både internt og i verdikjeda. Eksterne partar og tilsette i verdikjeda har anledning til å varsle direkte om eventuelle kritikkverdige forhold via nettsidene våre.
c) Identifisere og vurdere resultat av analysen	Fjord1 gjennomfører aktsemdsvurderingar årleg for å analysere risikoen for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blant arbeidstakarar i leverandørkjedene våre og hos forretningspartnarar. Vi prioriterer dette arbeidet basert på risiko og vesentlegheit. Leverandørar som blir rekna for å utgjere ein risiko for brot på slike rettar og plikter, blir undersøkte nærare. Risikovurderings-prosessen er beskriven i rapporten om openheitslova og under aktsemdsvurderingar som er tilgjengelege på nettsidene våre.
d) Tiltak for å redusere moglege negative konsekvensar	Tiltak for å avgrense negative konsekvensar er å finne i rapporten om openheitslova og aktsemdsvurderingar.
e) Oppfølging av effekt av tiltak og kommunisere resultatet av innsatsen	Vi gjer jamlege vurderingar av utvalde leverandørar, i samsvar med openheitslova. Ved brot på krava tek vi initiativ til dialog, og om vi ikkje oppnår den ønskete endringa, vil eksklusjon vere eit viktig verkemiddel.





ESRS 2 GOV-5:

Risikostyring og internkontroll av berekraftsrapporteringa

Fjord1 har etablert eit kontrollsystem for å sikre nøyaktig og påliteleg berekraftsrapportering. Dette inkluderer jamlege revisjonar og vurderingar av berekraftsdata og prosessar.

Selskapet har spesifisert ulike ansvarsområde og ei rollefordeling for å redusere risikoar – til dømes at økonomi- og finansdirektøren er ansvarleg for den finansielle risikoen knytt til berekraft, medan energi- og miljø-ansvarleg er ansvarleg for miljø og utslepp, og HMS- og berekraftsdirektør har det overordna rapporteringsansvaret.

Fjord1 har ulike prosessar for ansvarleg forretningspraksis, som risikovurdering, tydelege kommunikasjonslinjer, oversikt og ei medviten tilnærming til ansvaret vårt for etisk åtferd. Retningslinjene og rutineane skal bidra til å operasjonalisere måla i berekraftsstrategien vår.

I klimarapportering er estimeringsuvisse ei utfordring, spesielt når det gjeld å sikre presisjon og pålitelegheit i rapporterte data. Fjord1 har teke i bruk verktøyet Novata, som sikrar at ein kan hente omrekningsfaktorar frå ein internasjonal database, og at dataa blir tekne vare på frå år til år. For verkeområde 1 og 2 har vi følgd utsleppa over fleire år, mellom anna gjennom oppfølging av eit energibudsjett. Utrekningsmetodane for 2024 er i stor grad dokumenterte. Det er ikkje innført ytterlegare risikostyring og interkontrollprosessar i samband med klimarapportering.

Tilgang til opplysningar frå verdikjeda er også avgjerande for å sikre fullstendig og nøyaktig rapportering. Vi vil framover jobbe med å få på plass gode samarbeidsavtalar og kommunikasjon med leverandørane og partnarane våre for å sikre at nødvendig informasjon blir tilgjengeleg i tide til rapporten neste år. Dette inkluderer å sikre datadeling, slik at alle partar i verdikjeda framover forstår og oppfyller rapporteringskrava våre.

ESRS 2 SBM-1:

Strategi, forretningsmodellar og verdikjeder

Fjord1 har kjerneverksemda innanfor ferjetransport og er det leiande ferjeselskapet i Noreg. Vi har som mål å vere den tryggaste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg og påliteleg transport til kundar, oppdrags-gjevarar og samarbeidspartnarar. Dei viktigaste kundane våre er dei reisande. Kjernen i verksemda er å leggje til rette for sikker og påliteleg ferje- og hurtigbåtdrift som gjer at ferjer også i framtida er eit berekraftig og føretrekt framkomstmiddel. I tillegg jobbar vi med lokalmiljøa, slik at det blir meir attraktivt å bu og utvikle servicetilbod i nær tilknytning til områda der vi har ferje- og hurtigbåtruter, mellom anna ved sponsorsamarbeid.


Fjord1 tilbyr eit berekraftig transportalternativ og utgjer med det ein positiv påverknad for samfunnet. Vidare blir det skapt lokale arbeidsplassar og byutvikling i samband med knutepunkta som blir etablerte. Sjølv om det å reise med nullutslepps fartøy i utgangspunktet er berekraftig, utgjer aktivitetane og verksemda til Fjord1 fleire negative påverknader på miljø og menneske som vi søker å redusere gjennom målretta og systematisk arbeid.

Fjord1 hadde totalt 1711 tilsette (1165 årsverk) per 31. desember 2024. Dette inkluderer mellombels tilsette. Innsatsen til medarbeidarane er avgjerande, og ved å investere i dei tilsette skaper vi ikkje berre ein trygg og attraktiv arbeidsplass, men også ei meir berekraftig og framtidsretta ferjedrift langs kysten. Les meir om dei tilsette nedanfor, i kapittelet «Eigne tilsette S1».

Ved revisjon av vesentlegheitsanalysen i 2025 vil vi jobbe vidare med verdikjedeperspektivet, herunder aktivitetar og påverknader i verdikjeda oppstraums og nedstraums innanfor kjerneprosessane og dei vesentlege berekrafts-tema våre.

Verdikjeda til Fjord1

Fjord1 har kjerneverksemda si innanfor ferjetransport og er det leiande ferjeselskapet i Noreg. Selskapet har også aktivitet som er knytt til hurtigbåtar, og serveringskonseptet Ferdamat.



Oppstraumsaktivitetar

Arbeidet til Fjord1 med berekraft startar i dei tidlege fasane av verdikjeda, der oppstraumsaktivitetane legg grunnlaget for ein ansvarleg og miljøvenleg produksjon. Dette omfattar utvinning av mineral og material, ansvarlege innkjøp og produksjon av ulike produkt og tenester som inngår i drifta.

Ansvarleg utvinning av mineral og material

Fjord1 legg stor vekt på at materiala som blir nytta i drift og vedlikehald, kjem frå berekraftige og ansvarlege leverandørar. Dette inneber strenge krav til innkjøps-prosessar, der selskapet søker å redusere miljøavtrykket gjennom bruk av innovative og miljøvenlege løysingar. Openheit og rapportering frå underleverandørar er sentrale prinsipp for å sikre at alle ledd i verdikjeda bidreg til berekraftsmåla.

Produksjon og ombygging av fartøy

Denne fasen i verdikjeda omfattar produksjon av nybygg, inkludert ferjer og hurtigbåtar, og dessutan ombygging av fartøy for å forlengje levetida og tilpasse fartøya til moderne teknologi og utsleppskrav. Fjord1 samarbeider med skipsverft, skipsdesignarar og leverandørar som deler selskapet sine verdior om berekraft og energieffektivitet.

Produksjon av produkt utanom fartøy

I tillegg til fartøy er Fjord1 involvert i utvikling og produksjon av berekraftige energiløysingar og infra-struktur. Selskapet har investert i landstraumanlegg og ladestasjonar for elektriske ferjer, noko som bidreg til redusert utslepp og energiforbruk. Fjord1 legg også vekt på å nytte berekraftige materiale og teknologi i produksjonen for å minimere miljøpåverknaden. Dette omfattar tiltak som energieffektivisering og avfallsreduksjon gjennom heile verdikjeda.

Produksjon av transporttenester

Fjord1 har si kjerneverksemd innanfor ferjetransport, i tillegg til hurtigbåttenester. Med millionar av passasjerar kvart år er effektiv drift og teknologiutvikling essensielt. Fjord1 har også serveringstenester om bord, og fram til

og med 2024 har selskapet hatt tenester innanfor turisme og reiseliv. For å sikre framtidiretta transportløysingar legg Fjord1 stor vekt på nullutsleppsteknologi og elektrisk drift i nye kontraktar.

Energi til eiga drift

Elektrifisering av flåten er ein viktig del av strategien til Fjord1 for å redusere klimautslepp. Over halvparten av flåten er no elektrifisert, og selskapet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle berekraftige løysingar.

Transport av produkt

For å sikre ein effektiv logistikk blir produkt transporterte til kontor, lager eller fartøy. Internasjonal transport skjer hovudsakleg via sjøfrakt, medan innanlandsk transport primært skjer med lastebil. Fjord1 har som mål å minimere transportavstandar og velje dei transport-metodane som gir lågast mogleg klimautslepp.

Eigne aktivitetar

Fjord1 si eiga verksemd omfattar fleire sentrale aktivitetar som sikrar effektiv drift og berekraftig utvikling. Selskapet opererer innanfor transport, administrasjon, servering og eigeidsforvaltning, der kvar del spelar ei viktig rolle i verdikjeda.

Drift av fartøy

Kjerneverksemda til Fjord1 er drift av ferje- og hurtigbåttransport. Selskapet driftar 41 samband i fem fylke i Noreg og har ansvar for omfattande logistikk-planlegging. Dette omfattar alt frå dagleg drift til lang-siktig vedlikehald av fartøya. Planlegginga skjer på fleire nivå, frå dag til dag, sesong til sesong, og over fleire år, for å sikre effektiv og påliteleg transport.

Administrasjon og fellesfunksjonar

Administrasjonen i Fjord1 er avgjerande for å sikre stabil drift og utvikling. Om lag 120 tilsette arbeider på kontora i Florø, Bergen og Molde, fordelt på avdelingar som drift, økonomi, rekneskap, lønn, HR, innkjøp, IKT, sikkerheit, servicesenter, nybygg, teknologi og prosjekt. Desse avdelingane bidreg til kontinuerleg forbetring og innovasjon i Fjord1.

Catering

Fjord1 driftar cateringkonseptet Ferdamat, som er tilgjengeleg om bord på alle dei 82 fartøya i form av bemanna kiosk eller sjølvbetente løysingar. Berekraft er eit viktig fokusområde, der ansvarleg bruk av ressursar blir prioritert. Selskapet arbeider aktivt med leverandørar for å redusere matsvinn og fremje bruk av resirkulerbar og nedbrytbar emballasje. Dette bidreg til meir berekraftige innkjøp og betre ressursutnytting.

Drift av eigeidsportefølje og dotterselskap

I tillegg til transport og catering har Fjord1 ansvaret for ein eigen eigeidsportefølje og fleire dotterselskap. Forvaltning av desse ressursane er ein viktig del av selskapet si totale verdiskaping og sikrar stabilitet i drifta.

Nedstraumsaktivitetar

Fjord1 sine nedstraumsaktivitetar omfattar handtering av utleigde og selde fartøy, avfallshandtering og resirkulering av skip. Desse aktivitetane bidreg til ei berekraftig og effektiv drift, der selskapet sikrar at fartøya blir utnytta til det fulle, og at avfall blir handtert i tråd med gjeldande lovverk og berekraftsprinsipp.

Handtering av utleige og selde fartøy

Den norske ferjeflåten har vore gjennom ei omfattande modernisering dei siste åra, driven fram av nye teknologi og utsleppskrav. Fjord1 har sidan 2017 bygd ei rekkje nye ferjer og oppgradert eksisterande fartøy til batterihybrid og nullutsleppsteknologi. Dette har forlenga levetida til fleire fartøy, medan eldre ferjer, som ikkje oppfyller dei nye kontraktkrava, har blitt selde vidare til norske og utanlandske operatørar. Ved sal av fartøy for vidare bruk er det krav i kjøpekontrakten om at kjøparane følgjer nasjonalt og internasjonalt lovverk for eventuell avhending. I 2024 blei MF Fanafjord seld til canadiske styresmakter.

Avfallshandtering og resirkulering

Ansvarleg avfallshandtering er ein viktig del av Fjord1 sitt berekraftsarbeid. Selskapet sikrar at passasjerar kan kaste avfall på ein ansvarleg måte for å redusere forureining i fjordane. Eige avfall, inkludert det som blir

generert i cateringdrifta, blir kjeldesortert og resirkulert uavhengig av lokale mottaksordningar. Dette minimerer matsvinn og sikrar optimal ressursutnytting.

Fjord1 sine skip er underlagde MARPOL-konvensjonen, som regulerer avfallshandtering om bord. Kvart fartøy har ein eigen avfallsplan, der plast, matavfall og rest-avfall blir kjeldesortert og registrert. Farleg avfall, som spillolje, batteri og lysrøyr, blir oppbevart på ein trygg måte og levert til godkjende mottak i samsvar med offentlege krav. Deklarering av farleg avfall skjer gjennom plattformen til Miljødirektoratet.

Resirkulering av skip


Fartøy som ikkje er eigna for vidare bruk, blir sende til resirkulering ved godkjende verft. Fjord1 følgjer EU No 1257/2013-regulativet og sikrar at opphogging skjer under miljømessig forsvarlege forhold. Selskapet har brukt norske verft til gjenvinning av eldre fartøy. I 2024 vart tre fartøy avhenda: MF Sunnfjord, MF Solnør og MF Aukra.





ESRS SBM-2:
Interessentdialog

Samfunnsoppdraget vårt er å forvalte og utvikle ferje- og hurtigbåtkontraktene som selskapet er tildelte, og styre denne trafikken slik at vi sikrar samfunnskritisk infra- struktur. For å gjennomføre oppdraget er vi avhengige av tillit og forståing hos både eigarar, lokale og sentrale styresmakter, politikarar, naboar til samband, kundar og eit stort publikum. I samsvar med CSRD definerer vi interessentane våre som dei som kan påverke, eller blir påverka av føretaket. Det finst to hovudgrupper av interessentar: påverka interessentar (enkeltpersonar eller grupper som kan bli påverka positivt eller negativt av selskapet sine aktivitetar og direkte og indirekte forretningssamband i heile verdikjeda), og brukarar av berekraftsrapporten, medrekna primærbrukarar av generell finansiell rapportering, og andre forretnings- partnarar som til dømes styresmakter, fagforeiningar, analytikarar osv.

Interessentdialog er ein sentral del av berekraftsarbeidet til Fjord1, og det sikrar ei heilskapleg forståing av korleis verksemda påverkar omgjevnadane. Gjennom aktiv involvering av interessentar i den doble vesentlegheits- analysen har vi fått verdifull innsikt som hjelper oss med å vidareutvikle arbeidet. Denne dialogen vil halde fram som ein viktig del av arbeidet i Fjord1 med vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter, og med dei mest sentrale berekraftstema. Dette gjer at vi kan sikre at tiltak, aktivitetar og mål er i tråd med forventningane og krava frå interessentane våre.



Utdrag av dialogen med interessentane våre
Gjennom året held vi kontinuerleg dialog med påverka interessentar for å identifisere, vurdere og handtere vesentlege sosiale, helsemessige, sikkerheitsmessige, miljømessige og økonomiske påverknader knytt til våre aktivitetar og forretningsrelasjonar. Dialog med berørte interessentar gjennom felles møtearenaer gir innspel til handlingsplanar for å handtere vår påverknad. Deira synspunkt blir ivareteke og vi brukar desse innspela til å forme mål og tiltak innanfor klima og miljø, sosiale forhold og forretningsskikk. Rapporten reflekterer ikkje berre selskapet sine mål, men også dei behova og verdiane som interessentane legg vekt på.

Type interessent	Involvering	Interessenten sine interesse og formål	Resultat av involveringa	Forankring i organisasjonen
 Forbrukar/ Passasjerar	• Kontaktar selskapet via telefon og e-post, i tillegg til å sende skjema for kundeklage og tilbakemeldingar • Deltak i kundeundersøking	• Punktlegheit • Trafikkinformasjon • Sikker drift • Kundeservice	• Fjord1 følgjer opp fortløpande alle kundeklager og tilbakemeldingar. Det som kjem inn av ulike tema, blir teke vidare til andre relevante støttefunksjonar i administrasjon, driftsleiing og fartøy.	• Punktlegheit og sikker drift er eit prioritert område i selskapet med måltal og forankring i kontraktane.
 Leverandørar	• Intervju • Dialogmøte • Revisjonar	• Forventar føreseieleg kommunikasjon og reielege, konstruktive prosessar • Tydelege krav i kontraktar • Lik kunnskap i organisasjonen om berekraft	• Dialog med leverandørar om oppdaterte krav i kontraktar • Aktsemdsvurderingar • Besøk hos verft • Leverandørrevisjonar	• Klima er eit prioritert område for rapportering. Kommunikasjon og auka kompetanse om berekraft i organisasjonen inngår som eit av delmåla i strategien for berekraft i 2025.
 Eigarar	• Representasjon i styret.	• Openheit og rapportstyring. Stiller krav til rapportering og eigarskap • Risikostyring • Strategi og framtidsutsikter • Lønns- og arbeidsvilkår • Berekraft	• Hyppig dialog med eigarane, styret og bedriftsleiinga.	• Dette er forankra i selskapet sine mål og retningslinjer.
 Eigne tilsette	• Medarbeidarundersøking • Medarbeidarsamtale • Medarbeidarsamlingar	• Forventar at Fjord1 er ein trygg og stabil arbeidsgjevar som er innovativ og framoverlent • Samhandling, rettferdig lønn og arbeidsvilkår • Personvern	• Auka medarbeidartrivsel og stabil arbeidskraft.	• Eigne tilsette (S1) er eit prioritert område for rapportering, mål og resultatstyring.
 Samfunn	• Møte med påverka interessentar, lokalt – til dømes kommuneadministrasjon og folkemøte.	• Forventar punktleg avgang og framkomst • Avgrense arealinngrep og støy i natur • Redusere klimagassutslepp • Forventar bruk av lokale leverandørar der det er mogleg	• God samhandling og auka forståing for kvarandre sine behov.	• Selskapet blir målt på punktlegheit.
 Porteføljeselskap	• Involvering gjennom eigne representantar i styra i selskapa.	• Forventar å bli innlemma i rapportering.	• Innsikt i nye krav og felles forståing av rapporteringsstandard • Betre samhandling og resultat	• Representasjon og aktiv deltaking i Fjord1 sitt styre.


Type interessent	Involvering	Interessenten sine interesse og formål	Resultat av involveringa	Forankring i organisasjonen
 Finansinstitusjonar	• Vert involverte gjennom intervju og kartlegging gjennomført av Fjord1.	• Forventar kontroll og etterleving av rapporteringskrav i avtalar.	• Utarbeiding av årsrekneskap og etterlevingsrapportering • Gir grunnlag for lånevilkåra til selskapet	• God dialog og fast rapportering er innarbeidd gjennom styringssystemet for rapportering.
 Styresmakter, inkl. Sjøfartsdirektoratet	• Møte • Felles samarbeidsforum • Felles konferansar og arrangement • Lobbyverksemd	• Forventningar til rapportering og at ein følgjer lover og reglar • Sjøfartsdirektoratet set rammer for arbeidsvilkår, som det er forventa at selskapet opererer etter	• Premissleverandør for selskapet sine retningslinjer og regelverk.	• Gjennom den daglege drifta generelt, i tillegg til Fjord1 sitt sikkerheitsstyringssystem, EQS.
 Media	• Pressemeldingar ved store og aktuelle nyhende • Informasjonsdeling på nettsidene og i kanalar i sosiale medium	• Forventar at Fjord1 leverer sannferdig og korrekt informasjon om nyhende på sine kanalar, som både er relevante og samfunnsnyttige.	• Fjord1 gir tilgang til eller sender ut informasjon i dei aktuelle kanalane • Selskapet har oppretta kontaktinformasjon til media og bedriftsleiinga slik at media veit kvar dei skal vende seg • Under beredskapshendingar har selskapet ei mediegruppe som handterer media	• Fjord1 må stå fram som ein sikker og påliteleg aktør i marknaden og arbeider for dette på dagleg basis.
 Fagforeiningar	• Fast møtestruktur med fagforeiningane som inngår i selskapet.	• Forventar at tilsette får lønn etter avtale og har eit trygt arbeidsmiljø i samsvar med arbeidsmiljølova.	• Innsikt i nye krav, og felles forståing av rapporteringsstandard • Betre samhandling og resultat	• Selskapet har ei rekkje tillitsvalde frå ulike fagforeiningar som det er fast dialog med.
 Den maritime næringa, inkl. konkurrentar	• Møte ved felles problemstillingar • Felles samarbeidsforum • Deltaking ved konferansar og arrangement	• Gjensidig påverknad i bransjen, gjennom generell utvikling og openheit mellom partane.	• Står saman om felles utfordringar og tema i næringa, til dømes når det gjeld rekruttering og forskrifter.	• Gjennom ulike fagstabar og verv i viktige interesseorganisasjonar (som NHO Sjøfart, der driftsdirektør i Fjord1 er styreleiar).
 Oppdragsgjevarar	• Set standarden for korleis Fjord1 skal drifte samband og fartøy gjennom kontraktane som dei tildeler selskapet.	• Med føremål og interesse om at Fjord1 driftar i samsvar med tildelt kontrakt. Omsyn til berekraft, ny teknologi, universell utforming og pris inngår ofte som ei vesentleg interesse.	• Fjord1 arbeider for å drifte etter kontrakten • Om Fjord1 ikkje innfrir krava i kontraktane, blir selskapet sanksjonert, til dømes gjennom bøter	• Kontraktane er sterkt forankra om bord i fartøya, i tillegg til driftsorganisasjonen elles. Også fleire av støttefunksjonane i administrasjonen er breitt involverte og har god kjennskap til kontraktane.

ESRS 2 SBM-3:

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

Fjord1 vurderer kontinuerleg vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO-ar) som er knytt til berekraft. Vi analyserer korleis desse faktorane påverkar strategien og forretningsmodellen vår, og tilpassar oss for å sikre langsiktig berekraftig vekst. Det vart i prosessen avdekt vesentlege IRO-ar for forureining (E2) og bruk av ressursar og sirkulærøkonomi (E5). Desse berekrafts-tema er ikkje med i årets rapportering. Det vart totalt avdekt 26 vesentlege IRO-ar, og 11 av desse er relaterte til klimaendringar (E1), fire er relaterte til forureining (E2), to er tilknytt ressursbruk og sirkularitet, fire er tilknytt eigne medarbeidarar (S1), éin er relatert til påverka lokalsamfunn (S3), og fire er relaterte til forretningsskikk (G1). Tabellen nedanfor viser dei vesentlege IRO-ane for Fjord1.

Tema	Undertema	IRO	Beskriving	Verdikjede
E1 – klimaendringar	Klimatilpassing	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå ferjer som ikkje har nullutslepp, påverkar miljøet.	Oppstraums Eigne aktivitetar Nedstraums
		Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå utvinning av materialar i produkt og fartøy som Fjord1 kjøper inn, påverkar miljøet.*	
		Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå vidare drift av fartøy som Fjord1 har avhenda eller leigd ut, påverkar miljøet.	
		Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar i samband med produksjon og ombygging av fartøy påverkar miljøet.	
		Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar knytt til transport av ferjer til og frå verft påverkar miljøet.	
		Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar knytt til transport av alle produkt til ferjer, kontor, kaier osv. påverkar miljøet.	
		Moglegheit	Ved kjøp av miljøvennleg teknologi kan Fjord1 få økonomisk støtte frå miljøfond.	
		Moglegheit	Gjennom dialog og samarbeid med oppdragsgjevarar og styresmakter kan Fjord1 arbeide for at anboda i større grad legg vekt på klima og miljø. Dette gir oss anledning til å framheve vårt arbeid og prestasjonar.	
	Energi	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå produksjon av energi som Fjord1 kjøper inn, påverkar miljøet.	Oppstraums Eigne aktivitetar Nedstraums
		Negativ påverknad	Fjord1 sine fartøy forbrukar straum. Dette medfører utslepp av CO ₂ , som påverkar klimaet globalt.	
		Negativ påverknad	Resirkulering av skip gir forbruk av energi, både ved transport til verft og ved sjølve resirkuleringa, som igjen gir utslepp til luft. Dette har ein global påverknad på miljøet.	
E2 – forureining	Mikroplast	Negativ påverknad	Produksjon av produkt – nesten alle produkt har noko bruk/forbruk av plast, som igjen fører til mikroplast.	Oppstraums
	Forureining til luft	Negativ påverknad	Fjord1 sine fartøy forbrukar MGO og LNG. Dette fører med seg både utslepp av CO ₂ som påverkar klimaet globalt, og NOx og SOx som påverkar lufta lokalt.	Eigne aktivitetar
		Risiko	Utslepp til luft frå ferjer som går utover kontraktskrav, fører til at ein får bøter og negativt omdømme som kan gje vidare økonomisk tap.	
E5 – sirkulærøkonomi	Ressursinnstrøymingar, inkludert ressursbruk	Risiko	Avgrensa tilgang til ressursar (t.d. batteri, elektronikk, komponentar) kan gje nedetid på ladeanlegg og fartøy.	Oppstraums
		Risiko	Avgrensa tilgang til ressursar (t.d. batteri, elektronikk, komponentar) kan gje auka kostnader.	
S1 – eigne tilsette	Arbeidsforhold	Positiv påverknad	Fjord1 kan påverke eigne tilsette positivt ved å leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø og ein trygg arbeidsplass, utover det som er lovpålagt.	Eigne aktivitetar
		Risiko	Dersom ein ikkje har konkurransedyktige vilkår for tilsette, kan dette føre til rekrutteringsutfordringar og tap av nøkkelkompetanse.	Eigne aktivitetar
		Risiko	Selskapet greier ikkje å sikre at dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse.	Eigne aktivitetar
		Risiko	Høgare sjukefråvær på landsbasis i bransjen kan føre til rekrutteringsutfordringar for selskapet.	Eigne aktivitetar
S3 – påverka lokalsamfunn	Økonomiske, sosiale og kulturelle rettar til lokale samfunn	Positiv påverknad	Samfunnskritisk infrastruktur – Fjord1 er ein kritisk leverandør av sikker og påliteleg transport, både i kvardagen og ved nødstilfelle. Dette har ein positiv påverknad på lokalsamfunna det gjeld, kritisk transportinfrastruktur og nasjonal sikkerheit ved krig og nød.	Eigne aktivitetar
G1 – forretningsskikk	Selskapskultur	Positiv påverknad	Ei tydeleg leiing og forankra styringssystem fremjar berekraftig og etisk selskapskultur. Dette påverkar alle i selskapet, kundar og leverandørar positivt. Open, lojal og transparent kommunikasjon frå leiinga styrkar tillit og samarbeid på tvers og fremjar ein slik kultur.	Eigne aktivitetar
		Moglegheit	Ein sterk og positiv forretningskultur kan differensiere Fjord1 i marknaden og tiltrekke seg kundar, investorar og talent (nye tilsette). Bruk av kulturen og verdiane til selskapet i marknadsføring og kommunikasjon for å byggje ei sterk merkevare. Selskapskultur er også viktig for å fremje engasjement hos tilsette.	
	Vern av varslarar	Moglegheit	Byggje tillit og stoltheit blant tilsette ved å synleggjere at vi har eit godt og sikkert system for handtering av varslings saker.	Eigne aktivitetar
	Handtering av leverandørforhold	Moglegheit	Gjennom leverandøravtalane setje krav til at deira etterleving samsvarer med våre eigne krav til etterleving av forretningsetiske retningslinjer og andre relevante forhold. Gjennom kontroll av etterleving til leverandørane kan vi også sikre at dette blir gjennomført i praksis.	Oppstraums



ESRS 2 IRO-1:

Slik har vi arbeidd for å finne vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

Som ein leiande aktør innanfor ferje- og hurtigbåt-transport har vi ei sentral rolle i den grøne omstillinga. Det er avgjerande for oss å forstå korleis vi påverkar omgjevnadene – både positivt og negativt, og korleis omgjevnadene påverkar oss finansielt i form av moglegheiter og risikoar. For å sikre ei heilskapleg filnærming har vi gjennomført ein dobbel vesentlegheits-analyse, der vi har kartlagt dei økonomiske, sosiale og miljømessige aspekta ved drifta. Denne analysen

legg grunnlaget for Fjord1 sitt strategiske berekrafts-arbeid og hjelper oss med å identifisere kvar vi har størst påverknad, kva risikoar vi må handtere, og kor det finst moglegheiter for innovasjon og forbetring. Styret og leiinga har vore involverte i prosessen og vil framover jobbe for å sikre at identifiserte påverknader, risikoar og moglegheiter vert innarbeidde i strategiane og måla til verksemda.

Strukturering av arbeidet


Ei prosjektgruppe i verksemda har mellom mai og september 2024 arbeidd med å gjennomføre den doble vesentlegheitsvurderinga som ligg til grunn for berekrafts-rapporteringa. Gruppa som bestod av 14 personar frå

ulike administrative roller, gjennomførte fem arbeids-møter i tillegg til fleire gruppesamlingar. I arbeidet har ein nytta ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar for å samle inn og analysere vesentlege forhold ved verksemda. Dette omfattar spørjeundersøkingar, intervju og dataanalyseverktøy. Føresetnadene er baserte på internasjonale standardar og beste praksis innanfor berekraftsrapportering.

Forslaga som prosjektgruppa kom fram til, vart lagt fram for styret og vurderte før endeleg godkjenning. Vidare blir både påverknader, risikoar, moglegheiter og vesentlege tema vurdert for å sikre at dei til kvar tid er relevante og rette for Fjord1.

Analysen er ikkje avgrensa til Fjord1 sine eigne aktivitetar. Den inkluderer nøkkelaktivitetane i forretningsmodellen vår, som vil seie at vi også inkluderer oppstraums- og nedstraumsaktivitetar. For finansiell påverknad har vi brukt same vesentlegheitsgrense som for finansiell rapportering, som vart fastsett hausten 2024.

Proessen med å fastsetje og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter



Fase 1: FORSTÅ – kartlegging og avklaring av omfang

I den innleiande fasen vart konteksten til Fjord1 kartlagt med fokus på aktivitetar, forretningsforhold, bransjekrav og interessentar.

- oppstartsmøte med revisor for introduksjon og overordna gjennomgang
- gjennomgang av kriterium i CSRD
- definering av Fjord1-spesifikke tema og verdikjede med tilhøyrande IRO-ar

For å identifisere og kartleggje interessentar har vi mellom anna stilt oss desse spørsmåla:

- Kva grupper i samfunnet blir påverka av Fjord1 sine aktivitetar?
- Kva aktørar i samfunnet kan påverke Fjord1?

Vi har vurdert påverknaden til dei som er knytt til Fjord1 si eiga verksemd, oppstraums og nedstraums verdikjede (inkludert dei som blir påverka gjennom våre produkt og tenester, og gjennom forretningssamband).



Fase 2: IDENTIFISERE – kartlegging av vesentlege påverknader

I denne fasen vart faktiske og potensielle påverknader, og dessutan risikoar og moglegheiter, identifiserte gjennom analysar og dialog med interessentar.

- gjennomføring av interne spørjeundersøkingar
- analyse av Fjord1 sine påverknader («innsida ut»-perspektiv)
- analyse av finansiell påverknad («utsida inn»-perspektiv)
- intervju og undersøkingar med eksterne interessentar

Fjord1 har brukt ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar for å samle inn og analysere vesentlege forhold ved selskapet. Dette inkluderer spørjeundersøkingar, intervju og dataanalyseverktøy. Føresetnadene er baserte på internasjonale standardar og beste praksis innanfor berekraftsrapportering.



Fase 3: VURDERE – fastsetjing av vesentlege berekraftstema

Basert på innsamla data vart vesentlege berekraftstema vurderte. Dette inkluderer ei evaluering av kva Fjord1 påverkar, og kva som kan påverke Fjord1.

- analyse og handsaming av innsamla data
- fastsetjing av terskelverdi for vesentlegheit
- utveljing av dei mest vesentlege berekraftstema

I dette steget blei det laga ei samanstilling av påverknader, risikoar og moglegheiter per ESRS-tema og ned på det lågaste nivået i ESRS-temainndelinga. Innanfor kvart tema blei IRO-ane med det høgaste vesentlegheitsnivået trekte fram. Alle tema med eit vesentlegheitsnivå som er signifikant eller kritisk,

blei vurderte som vesentlege tema. Dei vesentlege tema, på overordna ESRS-temanivå, er samanstilte i ei vesentlegheitsmatrise.

Totaloversikta over vesentlege tema har blitt kontrollert opp mot tema som har blitt trekte fram som viktige av interessentar eller gjennom andre eksterne kjelder. Om utvalet av vesentlege tema ikkje blei vurdert som fullstendig, blei nye relevante tema lagt til, og eventuelle nye påverknader, risikoar og moglegheiter identifiserte og vurderte.

Ut frå verdikjeda og dei kartlagde forretningsaktivitetane blir påverknader, risikoar og moglegheiter identifiserte innanfor alle ESRS-tema. For vurderinga av IRO-ar drog vi nytte av informasjon frå andre analysar der det var

relevant. Døme på grunnlag for analysar og vurderingar av påverknad, risiko og moglegheiter kan vere alt frå openheitslova til risikovurdering i drifta.

Vurderingskriterium for påverknader

For å vurdere om eit berekraftstema er vesentleg frå eit påverknadsperspektiv, har vi vurdert om Fjord1 sin påverknad er faktisk eller potensiell, negativ eller positiv, på menneske eller miljø på svært kort, kort, mellomlang og lang sikt. Vidare har vi for kvart tema identifisert påverknad vurdert skala, omfang, høve til reversering og sannsyn på svært kort, kort, mellomlang og lang sikt. Ein påverknad med samla poengskår på 16 eller høgare blir vurdert som vesentleg. Grunngjevinga for denne terskelverdien er at om to av faktorane (skala, omfang, høve til reversering) blir vurderte som 16 eller høgare,

skal påverknaden vere vesentleg dersom sannsynet er 50 prosent eller høgare. Om dette er tilfellet, er påverknaden anten signifikant eller kritisk.

Vurderingskriterium for risikoar og moglegheiter (finansiell påverknad)

Ein finansiell påverknad som er signifikant eller kritisk, blir vurdert som vesentleg ved ein terskelverdi på 16, i samsvar med resten.

Finansiell påverknad har vi vurdert ut frå kor vesentleg temaet er i eit finansielt eller omdømmemessig perspektiv. Risikoar og moglegheiter blir prioriterte etter same vurderingskriterium som andre risikoar.

Skår for vesentlegheitsnivå



Vurderingsskjema for påverknader – justert til Fjord1

Kor alvorleg / gunstig er Fjord1 sin påverknad på menneske / miljø?

Kor utbredt er påverknadane på menneske / miljø? Ved miløpåverknadane vurderast omfanget sin eit geografik område. Ved påverknad på menneske vurderast omfanget som antal personar som er påverka?

Kor vanskeleg er det å rette opp dei negative konsekvensane?

#	Alvorsgrad	Omfang		Uoppretteleg-vurdering	DØME FJORD1	
		Sosialt	Klima og miljø		 Personell	 Utslepp av olje m.m.
1	Ingen Påverknaden er svært liten/ingen	Avgrensa Veldig lågt tal på menneske er påverka (0–2 % av total)	Umiddelbare omgjevnadar	Veldig enkelt Behov for liten innsats, kort tidshorison (< 1 år)	Uvesentleg Uvesentleg utslepp av olje, giftige kjemikaliar eller andre giftige stoff til sjø eller grunn	
2	Låg Påverknaden er lite alvorleg/fordelaktig	Konsentrert Lågt tal på påverka menneske(3–5 % av total)	Lokalt omfang	Enkelt Behov for litt innsats, kort tidshorison (1–2 år)	Liten 1–10 liter utslepp av olje, giftige kjemikaliar eller andre giftige stoff til sjø eller grunn	
3	Medium Påverknaden er ganske alvorleg/fordelaktig	Medium Medium tal på påverka menneske(6–9 % av total)	Regionalt omfang	Mogleg Behov for middels innsats, middels tidshorison (2–5 år)	Moderat 10–1000 liter utslepp av olje, giftige kjemikaliar eller andre giftige stoff til sjø eller grunn	
4	Høg Påverknaden er alvorleg/fordelaktig	Utbreidd Stort tal på påverka menneske (10–30 % av total)	Nasjonalt omfang	Vanskeleg Behov for stor innsats, lang tidshorison (>5 år)	Alvorleg 1000–100 000 liter utslepp av olje, giftige kjemikaliar eller andre giftige stoff til sjø eller grunn	
5	Kritisk Påverknaden er svært alvorlig/fordelaktig	Global/total Veldig stort tal på påverka menneske(> 31 % av total)	Globalt omfang (eks. CO ₂ og stoff som påverkar heile kretsløpet)	Ikkje mogleg å bøte på	Katastrofal >100 000 liter utslepp av olje, giftige kjemikaliar eller andre giftige stoff til sjø eller grunn	

#	Sannsyn
1	Svært usannsynleg Det er eller var ikkje grunn til å vente ei hending (<0,1 %)
2	Lite sannsynleg Det er eller var ikkje grunn til å vente ei hending (0,1–1 %).
3	Mogleg Ei hending kan oppstå i nokre tilfelle (1–10 %).
4	Sannsynleg Det er eller var grunn til å vente ei hending (10–50 %).
5	Svært sannsynleg Det er eller var grunn til å vente ei hending (>50 %).



Ein risiko / ei moglegheit blir vurdert frå 1 til 5
ut frå finansiell effekt og sannsyn

Kva for risiko/moglegheit kan oppstå, og
kva for finansiell påverknad kan det få?




Påverknad på egedelar



Påverknad på kontantstraum



Tilgang og kostnad på kapital



Påverknad på vekst



Konsekvens – effekt på Fjord1

Kor store er dei potensielle økonomiske
konsekvensane på kort og lang sikt?



Sannsynet for risiko/moglegheit

Kva er sjansen for at risikoen/moglegheita
oppstår? Når vil risikoen/moglegheita
oppstå?



Vesentlegvurdering av risiko/moglegheit



Matrise for vurdering av finansiell vesentlighet

Kor stor er dei potensielle økonomiske konsekvensane / mulegheitene på kort og lang sikt?

#	Finansielle konsekvensar	#	Omdøme	#	Sannsyn
1	< 5 000 kr	1	Noko merksemd, men raskt gløymt	1	Svært usannsynleg Det er eller var ikkje grunn til å vente ei hending (<0,1 %)
2	5 000-100 000 kr	2	Lokal merksemd i ein kort periode.	2	Lite sannsynleg Det er eller var ikkje grunn til å vente ei hending (0,1–1 %).
3	100 000-1 000 000 kr	3	Regional merksemd som varer i ein kort periode. Merksemda har moderat konsekvens for for renoméet til selskapet.	3	Mogleg Hending kan inntreffe i nokre tilfelle (1–10 %).
4	1 000 000-100 000 000 kr	4	Nasjonal merksemd som får alvorleg konsekvens for renoméet til selskapet.	4	Sannsynleg Det er eller var grunn til å forvente hending (10–50 %).
5	> 100 000 000 kr	5	Omfattande negativ merksemd over lang tid. Merksemda får katastrofal konsekvens for renoméet til selskapet.	5	Høgst sannsynleg Det er eller var grunn til å vente ei hending (>50 %).




Fase 4: BESLUTTE – gap-analyse og rapportering

Resultatet frå analysen av dobbel vesentlegheit og den påfølgjande gap-analysen vart gjennomgått og forankra med selskapsleiinga i selskapet. Vesentlege IRO-ar, både på kort, mellomlang og lang sikt, vart teke omsyn til i strategiprosessen og handtert vidare i ein relevant risikostyringsprosess som ein operasjonell risiko, finansiell risiko, forsikringsrisiko eller strategisk/forretningsmessig risiko.

Dei tema som er vurderte som ikkje vesentlege for Fjord1 i 2024, blir sett på ei liste som vi overvaker til ny gjennomgang neste år. Dette gjer vi for å sikre at vi kvart år vurderer om det er nokon risikoar, moglegheiter eller påverknader som ikkje er vesentlege på kort sikt, men som kan kome til å bli det på mellomlang eller lang sikt, etter kvart som meir kunnskap og innsikt blir opparbeidd gjennom året.

I samband med berekraftsrapporteringa har det blitt gjort nokre justeringar i punkta som skildrar påverknader, risikoar og moglegheiter – mellom anna ved at nokre punkt har blitt slått saman. Fjord1 har også oppdaga at nokre av punkta bør justerast i gjennomgangen neste år.

Oppsummering dobbel vesentlighetsanalyse 2024



Kategorisering

- Strategisk viktig
- Ta med i rapportering
- Ikkje vesentleg

Alle tema som skårar høgare enn «Ikkje vesentleg» blir tekne med i vidare rapportering.

At eit tema ikkje blir vurdert som strategisk viktig eller vesentleg for rapportering, er ikkje det same som at det er uviktig, men at det ut frå kriteria som er valde, ikkje blir teke med vidare.

Tabell: Konsekvens- og sannsynskategoriar som Fjord1 nytta.

Tema

Miljø

- E1 Klimaendringar
- E2 Forureining
- E3 Vatn om marine ressursar
- E4 Biologisk mangfald og økosystem
- E5 Sirkulærøkonomi

Sosiale forhold

- S1 Eigen tilsette
- S2 Arbeidarar i verdikjeda
- S3 Påverka lokalsamfunn
- S4 Forbrukarar og sluttbrukarar

Styringsmessige forhold

- G1 Forretningskikk



ESRS 2 IRO-2:

Rapporteringskrava og datapunkta i ESRS som er dekte

Avgjerda om kva opplysningskrav som skal offentleg-gjerast, er basert på datapunktlista EFRAG IG 3 List of ESRS datapoints. Vi har kopla resultatet av analysen av dobbel vesentlegheit opp mot opplysningskrava

i standarden og prøvd å svare på det vi per no har data på. Sjå tabellane nedanfor for å få oversikt over opplysningskrava som er oppfylte.

ESRS 2 – Generelle opplysningar

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
BP-1	Generelt grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten	7	
BP-2	Estimering av verdikjeda	7	
GOV-1	Leiinga sitt ansvar for berekraft	9	
GOV-2	Berekraftsinformasjon som er behandla av leiinga	9	
GOV-3	Inkludering av berekraft i bonusordningar	11	
GOV-4	Fråsegn om aktsemdsvurderingar	12	
GOV-5	Risikostyring og internkontroll av berekraftsrapporteringa	13	
SBM-1	Strategi, forretningsmodell og verdikjede	13	
SBM-2	Kva meiner interessentane våre?	16	
SBM-3	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	19	
IRO-1	Slik har vi arbeidd med å finne vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	20	
IRO-2	Rapporteringskrava og datapunkta i ESRS som er dekte	27	

ESRS E1 – klima

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS2 Gov-3	Integrering av berekraftsrelaterte resultat i insentivordningar	34	
E1-1	Omstillingsplan for avgrensing av klimaendringar	-	Ikkje svart på for 2024
ESRS2 SBM-3	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter og deira samspel med strategi og forretningsmodell	34	
ESRS2 IRO-1	Skildring av prosessen for å identifisere og vurdere vesentlege klimarelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter	20	
E1-2	Strategiar for avgrensing av og tilpassing til klimaendringar	34	Delvis svart på
E1-3	Tiltak og ressursar i samband med strategiar for klimaendringar	35	Delvis svart på
E1-4	Mål for avgrensing av og tilpassing til klimaendringar	-	Ikkje svart på for 2024
E1-5	Energiforbruk og energimiks	37	
E1-6	Brutto klimagassutslepp innanfor verkeområde 1, 2, 3 og samla klimagassutslepp	38	
E1-7	Prosjekt med omsyn til opptak av klimagassar og avgrensing av klimagassutslepp som er finansierte ved hjelp av karbonkredittar	-	Ikkje svart på for 2024
E1-8	Intern karbonprising	-	Ikkje svart på for 2024
E1-9	Forventa finansielle verknadar av vesentlege fysiske risikoar og omstillingsrisikoar, og av potensielle klimarelaterte moglegheiter	-	Ikkje svart på for 2024

ESRS E2 – forureining

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS 2 IRO	Skildring av prosessane for å identifisere og vurdere vesentlege forureiningsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter	20	Vi har valt å leggje vekt på klimarekneskapen i år og vil jobbe meir med desse områda i åra framover.
E2-1	Retningslinjer i samband med forureining	-	
E2-2	Tiltak og ressursar i samband med forureining	-	
E2-3	Mål for forureining	-	
E2-4	Forureining av luft, vatn og jord	-	
E2-5	Stoff som gir grunn til bekymring, og stoff som gir grunn til svært alvorleg bekymring	-	
E2-6	Forventa finansielle verknadar av vesentlege forureiningsrelaterte risikoar og moglegheiter	-	

ESRS E5 – bruk av ressursar og sirkulærøkonomi

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS2 IRO-1	Skildring av prosessane for å identifisere og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for ressursbruk og sirkulær økonomi	20	Vi har valt å leggje vekt på klimarekneskapen i år og vil jobbe meir med desse områda i åra framover.
E5-1	Strategiar for ressursbruk og sirkulær økonomi	-	
E5-2	Tiltak og ressursar i samband med ressursbruk og sirkulær økonomi		
E5-3	Mål for sirkulær økonomi	-	
E5-4	Inngåande ressursar	-	
E5-5	Utgåande ressursar	-	
E5-6	Forventa finansielle verknader av påverknader, risikoar og moglegheiter som er knytte til ressursbruk og sirkulær økonomi	-	

ESRS S1 – eigne tilsette

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS 2 SBM-2	Interessene og synspunkta til interessentar	46	
ESRS2 SBM-3	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter og samspelet deira med strategi og forretningsmodell	46	
S1-1	Strategiar i samband med eigen arbeidsstyrke	47	
S1-2	Rutinar for kontakt med eigne arbeidstakarar og arbeidstakarrepresentantar om påverknader	48	
S1-3	Rutinar for å bøte på negative påverknader og kanalar der eigen arbeidsstyrke kan gje uttrykk for bekymringar	48	
S1-4	Tiltak mot vesentlege påverknader på eigen arbeidsstyrke og strategiar for å handtere vesentlege risikoar og utnytte vesentlege moglegheiter i samband med eigen arbeidsstyrke, og effektiviteten av desse tiltaka	48	
S1-5	Mål for korleis vesentlege negative påverknader skal handterast, positive påverknader blir styrkte, og vesentlege risikoar og moglegheiter blir handterte	50	
S1-6	Opplysningar om dei tilsette i føretaket	51	
S1-7	Opplysningar om arbeidstakarar i arbeidsstyrken til føretaket som ikkje er tilsette	52	
S1-8	Dekninga i kollektivavtalar og dialog mellom partane i arbeidslivet	-	Ikkje vurdert som vesentleg
S1-9	Mangfaldsindikatorar	53	
S1-10	Tilstreккеleg lønn	54	
S1-11	Sosialstønad	54	
S1-12	Personar med funksjonsnedsetjing	-	Ikkje vurdert som vesentleg
S1-13	Måleindikatorar for opplæring og kompetanseutvikling	54	
S1-14	Måleindikatorar for arbeidsmiljø	54	
S1-15	Måleindikatorar for balanse mellom arbeid og fritid	-	Ikkje vurdert som vesentleg
S1-16	Måleindikatorar for godtgjering (lønsskilnad og samla godtgjering)	54	
S1-17	Hendingar, klager og alvorlege menneskerettsbrot	56	

ESRS S3 – påverka lokalsamfunn


ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS2 SBM-2	Interessene og synspunkta til interessentar	57	
ESRS2 SBM-3	Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter og deira samspel med strategi og forretningsmodell	57	
S3-1	Retningslinjer for påverka lokalsamfunn	58	
S3-2	Rutinar for kontakt med påverka lokalsamfunn om påverknader	58	
S3-3	Rutinar for å bøte på negative påverknader og kanalar der påverka lokalsamfunn kan gje uttrykk for bekymringar	58	
S3-4	Tiltak mot vesentlege påverknader på påverka lokalsamfunn og strategiar for å handtere vesentlege risikoar og utnytte vesentlege moglegheiter i samband med påverka lokalsamfunn, og effekten av dei	59	
S3-5	Mål for korleis vesentlege negative påverknader skal handterast, positive påverknader styrkjast og vesentlege risikoar og moglegheiter handterast	59	

ESRS G1 – styring

ESRS-tema	Rapporteringskrav	Sidenummer	Kommentar
ESRS2 GOV-1	Rolla til administrasjons-, leiings- og kontrollorgana	63	
ESRS2 IRO-1	Skildring av prosessen for å fastsetje og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	20	
G1-1	Retningslinjer for god forretningskikk og bedriftskultur	63	
G1-2	Handtering av samband med leverandørar	64	
G1-3	Førebygging og avdekking av korrupsjon og bestikkingar	-	Ikkje vurdert som vesentleg
G1-4	Tilfelle av korrupsjon eller bestikkingar	-	Ikkje vurdert som vesentleg
G1-5	Politisk innverknad og lobbyverksemd	-	Ikkje vurdert som vesentleg
G1-6	Betalingspraksis	64	

02

Miljø-
informasjon




E1




I kapittelet Miljøinformasjon finn du oversikt over kva av Fjord1 sine aktivitetar som kan reknast som berekraftig økonomisk aktivitet. Klimaregnskapet viser utsleppstal for CO₂, og vi gir innsyn i energiforbruk og energimiks.

Energiforbruk og energimiks (MWt)



CO₂e-utslepp (tonn)



Utslepp 2024

Klimagassutslepp (tonn CO₂-ekv.)

193 515

Energieffektivitet og reduksjon av forbruk

4 %

Brenselbyte til elektrisk energi

9 %

Økning i elektrifisering

10 %

Bruk av fornybar energi

27 %

Taksonomi

EU-taksonomien er eit viktig rammeverk for berekraftig finansiering som skal hjelpe verksemdar og investorar med å identifisere og støtte økonomisk aktivitet som bidreg til grøn omstilling. Fordi Fjord1 er eit leiande ferjeselskap med ei tydeleg satsing på miljøvennlege løysingar, spelar taksonomien ei sentral rolle for utviklinga og den strategiske retninga.

Taksonomien definerer kriterium for kva som kan reknast som berekraftig økonomisk aktivitet, med særleg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, overgang til sirkulær økonomi og vern av naturressursar. Dette påverkar ikkje berre korleis Fjord1 planlegg investeringane sine, men òg korleis selskapet rapporterer inn miljøpåverknad og gjer strategiske val for framtida.

For Fjord1 handlar dette om meir enn berre regelverk – det er ei naturleg forlenging av selskapet sitt engasjement for ein grønar og meir berekraftig transportsektor. Gjennom elektrifisering av ferje- og passasjerbåtflåten, energieffektive løysingar og vektlegging av innovasjon bidreg Fjord1 aktivt til dei måla som EU-taksonomien fremjar.

Prinsipp for rapportering

Konsernet driv verksemda si i Noreg, med unntak av dei tilknytte selskapa Can Fjord Holdings og Can Fjord Ferries, som driv verksemda i Canada. Dei økonomiske aktivitetane til Fjord1 er knytte til driftssegmenta i konsernet (den rapporterende eininga).

Konsernet har desse fire segmenta:

- ferje
- passasjerbåt
- catering
- turisme

Som del av berekraftsrapporteringa har konsernet nytta den tekniske screeninga for avgrensing av klimaendringar for vurdering av dei økonomiske aktivitetane til verksemda. Konsernet er ikkje i mål med arbeidet med taksonomien og leverer derfor ikkje ein fullstendig rapport for taksonomien i 2024. Arbeidet med taksonomien så langt er basert på dei gjeldande reglane for berekraftsrapportering og kan bli endra som følge av framtidige tiltakspakkar for berekraftsrapportering. På tidspunktet for rapportering er det mellom anna fremja eit forslag om endringar («Omnibusforslaget») som kan påverke konsernet si rapportering i framtidige periodar. Arbeidet og vurderingane som konsernet har gjort så langt, er presentert i avsnitta nedanfor.



Gjennomgang og vurderingskriterier

Fjord1 har nytta EU sitt Taxonomy Compass til å gjennomgå, vurdere og identifisere dei kvalifiserte aktivitetane til konsernet. I arbeidet for å vurdere aktivitetane har konsernet gjort følgjande:

- Definert alle økonomiske aktivitetar som Fjord1 har på tvers av alle segmenta i konsernet, og kva aktivetskodar dei har.
- Vurdert om desse aktivitetane er dekte/samanfallande med aktivetskodar og skildringar av økonomiske aktivitetar i EU Taxonomy Climate Delegated Act.
- Sett på (noverande) allokert omsetning (turnover), investeringar (CapEx) og driftsutgifter (OpEx) basert på konsernet si vurdering om dei økonomiske aktivitetane er kvalifiserte eller ikkje.

Identifisering av kvalifiserte aktivitetar

Gjennom arbeidet som var nemnt i sist avsnitt, har Fjord1 identifisert følgjande kvalifiserte aktivitetar:

- transport med motorsyklar, personbilar og nyttekøretøy (CCM 6.5)
- sjøfart og kysttrafikk med passasjerar (CCM 6.11)
- ombygging av fartøy for sjøfart og kysttrafikk med gods og passasjerar (CCM 6.12)
- infrastruktur for transport på vatn (CCM 6.16)
- installasjon, vedlikehald og reparasjon av energieffektivitetsutstyr (CCM 7.3)
- installasjon, vedlikehald og reparasjon av ladestasjonar for elektriske køretøy i bygningar (og parkeringsplassar tilknytt bygningar) (CCM 7.4)
- installasjon, vedlikehald og reparasjon av instrument og innretningar til måling, regulering og kontroll av bygningars energiyting (CCM 7.5)
- installasjon, vedlikehald og reparasjon av teknologi for fornybar energi (CCM 7.6)
- anskaffing og eigarskap av bygningar (CCM 7.7)

Konsernet sin prosess for å fastsetje aktivitetar som er kvalifiserte for taksonomi, er basert på ei teknisk

kartlegging av dei kvalifiserte aktivitetane mot kriteria for avgrensing av klimaendringar. Eininga arbeider framleis med denne prosessen, og det er derfor ikkje presentert taksonomital i denne rapporten.

Ikkje gjere vesentleg skade (DNSH)

Fjord1 arbeider med å vurdere og dokumentere samsvar med kriteria om å ikkje gjere vesentleg skade, for å førebyggje og avgrense forureining i samsvar med EU si taksonomiforordning, for konsernet sine kvalifiserte aktivitetar. Det blir vurdert om aktivitetane er kvalifiserte ved å sjå på om dei etterlever desse områda:

- klimatilpassing
- berekraftig bruk og vern av vatn og marine ressursar
- omstilling til sirkulær økonomi, avfallsførebygging og attvinning
- førebygging og kontroll av forureining
- vern og restaurering av naturmangfald og økosystem

Aktiviteten vert vurdert til å vere foreinleg berre dersom den er i samsvar med alle dei ovannemnte kriteria. Dette inneber at aktiviteten er kvalifisert, men ikkje foreinleg dersom det er eit eller fleire av kriteria den ikkje oppfyller.

Minimumsgarantiar

Fjord1 si etterleving av minimumsgarantiar etter reguleringane i EU-taksonomien er undersøkt på konsernnivå og er basert på følgjande vurderingar:

Menneskerettar

Dei forretningsetiske retningslinjene til eininga støttar, respekterer og forpliktar seg til prinsippa i FN si menneskerettserklæring og kjernekonvensjonane til ILO. Fjord1 anerkjenner dei sosiale og etiske standardane som skal verne om menneskerettane og har retningslinjer på plass for at dei ikkje skal bli brotne i Fjord1. Vi viser òg til delkapittelet om styring i denne rapporten.

Konsernet har ikkje fått signal om at eininga ikkje har gode nok prosessar på plass, eller at ein har brote menneskerettar.

Korrupsjon

Fjord1 har innført retningslinjer for antikorrupsjon som er nedfelte i dei forretningsetiske retningslinjene til konsernet, og vi har rutinar for internkontroll som har som formål å forhindre og avdekkje korrupsjon. Vi viser òg til delkapittelet om styring i denne rapporten.

Ingen i toppleiinga i konsernet og dotterselskapa er dømde for korrupsjon i domstol.

Fjord1 anerkjenner dei sosiale og etiske standardane som skal verne om menneskerettane og har retningslinjer på plass for at dei ikkje skal bli brotne i Fjord1.

Skatt

Verksemda til konsernet er i Noreg med unntak av dei tilknytte selskapa Can Fjord Holdings og Can Fjord Ferries, som driv verksemda si i Canada. Konsernet er derfor i avgrensa omfang omfatta av internasjonale skattereglar.

Fjord1 har innført rutinar og internkontroll som skal sikre korrekt behandling av reglar for skattar og avgifter. Rutinane sikrar at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om og forståing av det regelverket som gjeld, at systema er i tråd med regelverk og satsar, og at det blir gjennomført opplæring, kurs, systemendringar og anna dersom det kjem endringar i regelverket. Korrekt rapportering og behandling er òg forankra i dei forretningsetiske retningslinjene til eininga.

Ingen selskap i konsernet har vore funne skuldige i brot på skattereglar.


Rettferdig konkurranse

Eininga fremjar bevisstgjerings om verdien av samsvar med relevant konkurranselovgeving og regulering gjennom intern kursing og forretningsetiske retningslinjer (Code of Conduct, CoC) og andre retningslinjer for innkjøp. Vi viser til delkapittel «ESRS 2 Generelle opplysningar» og «ESRS G1 Forretningskikk» for utdjupande informasjon.

Ingen selskap i konsernet, toppleiinga i konsernet eller dotterselskapa til konsernet har vore dømde for brot på konkurranselovgevinga.



Klimaendringar



Som ein leiande aktør innan ferjedrift i Noreg har vi eit ansvar for å kutte utslepp og ta i bruk løysingar som fremjar lågutsleppssamfunnet. Drift av ferjer og hurtigbåtar blir definert som ein sektor med høg klimapåverknad. Fartøya brukar både fossilt drivstoff og elektrisitet, og med den store flåten til selskapet har selskapet eit høgt energiforbruk med påfølgjande CO₂-utslepp.

Vi arbeider kontinuerleg for å minimere miljøpåverk- naden og rapportering av energibruk og energimiks, inkludert prosentdelen fossil og fornybar energi. Dette er avgjerande for at vi og interessentane våre skal forstå klimapåverknaden og berekraftsprofilen til selskapet. Energiforbruk er nøkkeltal som gjer det mogleg å sjå prestasjonen vår over tid, samanlikna med bransje- standardar og konkurrerande aktørar.

ESRS 2 SBM-3:
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for klima
I den doble vesentlegheitsanalysen som blei gjennom- ført i 2024, blei det avdekt 11 vesentlege påverknader, moglegheiter og risikoar (IRO-ar) for klima. Meir informasjon om prosessen rundt den doble vesentlegheitsanalysen er teke med i «Generelle opplysningar ESRS 2».



Undertema	IRO	Beskriving	Verdikjede
Klimatilpassing	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå ferjer som ikkje har nullutslepp, påverkar miljøet.	Oppstraums
	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå utvinning av materiale som blir brukt i produkt og fartøy som Fjord1 kjøper inn, påverkar miljøet.	Eigne aktivitetar
	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå vidare drift av fartøy som Fjord1 har resirkulert eller leigd ut, påverkar miljøet.	Nedstraums
	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar i samband med produksjon og ombygging av fartøy påverkar miljøet.	
	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar knytt til transport av ferjer til og frå verft påverkar miljøet.	
	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar knytt til transport av alle produkt til ferjer, kontor, kaier, osv. påverkar miljøet.	
	Moglegheit	Ved kjøp av miljøvennleg teknologi kan Fjord1 få økonomisk støtte frå miljøfond.	
	Moglegheit	Gjennom dialog og samarbeid med oppdragsgjevarar og styresmakter kan Fjord1 arbeide for at anboda i større grad legg vekt på klima og miljø. Dette gir oss ei moglegheit til å framheve arbeidet vårt og prestasjonane.	
Energi	Negativ påverknad	Utslepp av klimagassar frå produksjon av energi som Fjord1 kjøper inn, påverkar miljøet.	Oppstraums
	Negativ påverknad	Fartøya til Fjord1 forbrukar straum. Dette fører med seg utslepp av CO ₂ som påverkar klimaet globalt.	Eigne aktivitetar
	Negativ påverknad	Resirkulering av skip gir forbruk av energi, både ved transport til verft og ved sjøve resirkuleringa, som igjen gir utslepp til luft. Dette har ein global påverknad på miljøet.	Nedstraums

ESRS 2 GOV-3:

Styring av klima- og energiområdet

Leiinga i selskapet har det overordna ansvaret for klima- og energiområdet. Fjord1 har peika ut ein berekraftsansvarleg som har eit særleg ansvar. I driftsorganisasjonen er det også peika ut ein gruppeleiar som koordinerer arbeidet med klimarapportering og tek del i vidare arbeid med omstillingsplan.

Når det gjeld energibudsjettet, er det regionleiaren som har ansvar for å følge opp. Innkjøp og leiing har også ansvar gjennom god forvaltning av innkjøpsreglement. Fjord1 har ikkje etablert intensivordningar når det gjeld klima.

E1-1:

Omstillingsplan for avgrensing av klimaendringar

Fjord1 har ikkje nokon overgangsplan for rapporteringsåret 2024. Vi vil i 2025 jobbe med å få opp ein meir fullstendig klimarekneskap som vil skape grunnlaget for omstillingsplanen. Ambisjonen er at denne omstillingsplanen skal bli forankra i leiinga og styret i 2025 og deretter rapporterast på.

ESRS 2 SBM-3:

Vesentlege påverknadar, risikoar og moglegheiter og deira samspel med strategi og forretningsmodell

Fjord1 har ikkje utarbeidd ein klimarisikoanalyse og tilhøyrande scenarioanalyse for dei identifiserte påverknadene, moglegheitene og risikoane. Selskapet har ikkje gjennomført ein robustheitsanalyse for rapporteringsåret 2024.

ESRS E1-2:

Policyar for avgrensning og tilpassing til klimaendringar

Viktige styrande dokument for Fjord1 med omsyn til klimaendringar og energi:

- energipolitikken til selskapet
- forretningsetiske retningslinjer

Energipolitikk – Fjord1 sin politikk for energi

Vår politikk forpliktar heile verksemda til effektiv utnytting av energien og auka konkurransekraft. Energistyring skal spele ei nøkkelrolle i selskapet og skal utøvast gjennom krav og forpliktingar i energileiingssystemet ISO 50001. Den gir også eit rammeverk for å fremje energi-effektivitet, forbetre energileiinga og redusere drivhusgassutslepp. Fjord1 skal oppnå kontinuerleg forbetring på energiyting gjennom teknologi, metodar og kompetanse som bidreg til dette. Dette skjer gjennom

- forbetring av energiyting i form av Energy Performance Indicator (EnPI)
- forbetring av kunnskapen om energiteknologi for auka konkurransekraft
- bruk av erfaringar og energidata for å sikre stadig meir effektiv utnytting av energien
- kontinuerleg flyt av relevant informasjon om energidata i selskapet
- sikring av tilgang til og utvikling av nødvendig kompetanse om energistyring

Fjord1 har ikkje etablert fleire politikkar, slik dette er definert i CSRD, for å skildre korleis klimagassutsleppa skal reduserast. Reduksjon av klimagassutslepp er direkte og indirekte handtert gjennom ISO-sertifisering for energileiing, kontraktskrav og etablerte praksisar i selskapet. Desse er skildra nedanfor.


Forretningsetiske retningslinjer

For innkjøp seier dei forretningsetiske retningslinjene at eit av kriteria i vurderinga er at Fjord1 skal skaffe klimavennleg, effektivt og energisparande utstyr og fartøy. Leverandørstrategien skal sikre berekraftige løysingar. Fjord1 har mål om å bli betre på å måle effekten av desse prosedyrane og retningslinjene. Du kan lese meir om dei forretningsetiske retningslinjene våre i delkapittelet G1 Forretningsskikk.

Fjord1 skal innrette innkjøpa slik at dei bidreg til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og fremje klimavennlege løysingar der dette er relevant. Spesielt gjeld dette ved kjøp av produkt, utstyr og tenester som brukar energi og er venta å ha ein vesentleg påverknad på energiforbruket vårt.

Innkjøpsprosedyren til Fjord1 legg føringar for at alle nye fartøy som selskapet kjøper inn, skal vere energi-effektive. Fylkeskommunen og andre oppdragsgjevarar følgjer energiforbruk og utslepp, og dette er ein del av anbodskrava til kontraktane. I nokre av kontraktane med oppdragsgjevarar er det kontraktfesta at Fjord1 kan få bonus ved lågare energiforbruk og utslepp enn det som er miljøkravet i kontrakten. Selskapet fekk utbetalt slik bonus i 2024.

Fjord1 skal innrette innkjøpa sine slik at dei bidreg til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og fremje klimavennlege løysingar der dette er relevant.



ESRS E1-3:

Tiltak og ressursar i samband med policyar for klimaendringar

I den doble vesentlegheitsanalysen blei det avdekt seks negative påverknader og to moglegheiter som gjeld klimaendringar, i tillegg til tre negative påverknader som gjeld energi.

Avgrense klimautslepp

For å følge opp at energibudsjettet blir etterlevd, har energibruk blitt teke opp kvartalsvis i møte med mellom operativ leiar og skipsførarane for kvar ferje. Døme på tiltak i 2024 for å oppnå energisparing er optimalisering i køyremønster og reingjering av skrog. Fjord1 har også installert ny teknologi i form av autocross og seglstilling. Autocross er eit system for automatisk fjordkryssing som kan kontrollere akselerasjonen på skipa, retardasjon, fart og rute. Seglstillinga gjer det mogleg å optimalisere lastfordelinga mellom den fremste og den bakarste framdriftspropellen som skal optimalisere energiforbruket.

For å redusere CO₂-utsleppa har Fjord1 auka bruken av biodrivstoff. På ferjene har bruken av biodrivstoff auka frå 4,2 millionar i 2023 til 4,5 millionar liter i 2024. Dieselforbruket har blitt redusert frå 17 millionar liter i 2023 til 14 millionar liter i 2024. Selskapet har i 2024 oppnådd ein høgare elgrad på batteriferjene, og dette utgjer den største prosentdelen av reduksjon i klimagassutslepp for 2024. Forbruket av straum har auka frå 113 000 megawattimar i 2023 til 124 000 megawattimar i 2024.

Ytterlegare mål og tiltak

Fjord1 vil definere tiltak og konkrete mål for reduksjon av klimagassutslepp i klimaomstillingsplanen som vil bli starta opp i 2025.

Tiltak for klimatilpassing

Klimatilpassing blei ikkje identifisert som eit vesentleg tema i dobbelt vesentlegheitsanalysen og er derfor ikkje eit opplysningskrav. Fjord1 ønskjer å opplyse om at selskapet gjer ein stor innsats i samband med klima-tilpassing når det gjeld overgang til utsleppsfrie båtar og etablering av ladeinfrastruktur. Selskapet vurderer også andre former for klimatilpassing og tilpassing til nye rammevilkår på grunn av klimaendringar. Vi vil oppdatere analysen og komme tilbake til dette i rapporten for 2025.

E1-4:

Mål knytt til til avgrensning og tilpassing til klimaendringar

Fjord1 har som sin klare ambisjon å redusere klima-gassutsleppet til verksemda. Selskapet har førebels ikkje sett konkrete mål med måleparametrar for den totale utsleppsreduksjonen.

Fjord1 har budsjett på energiforbruk og har mål om klimagassreduksjon og energibruk for verkeområde 1 og 2. Dette er kontraktfesta med oppdragsgjevaren, til dømes fylkeskommunen. Fjord1 sine eigne mål svarar til som eit minimum på dei kontraktfesta krava frå oppdragsgjevaren. På enkelte anbod er budsjetta til selskapet meir ambisiøse enn krava.

Energimål

Energimåla er definerte i «Gjennomgang frå leiinga» og blir oppdaterte årleg. Tabellen til høgre viser energimåla for 2023, 2024 og 2025, og resultatet for 2024.

Mål	Definisjon	Mål 2023	Mål 2024	Resultat 2024	Mål 2025
Energiforbruk per kilometer	Energiforbruk / transporterte kilometer, i megajoule per kilometer (MJ/km)	106	106	113	106
Totalt energiforbruk	Totalt energiforbruk for fartøy i megawattimar (MWh)	443 056	423 889	472 159	436 958
Energiforbruk straum	Budsjett for energiforbruk av straum i megawattimer (MWh) for fartøy	107 018	123 671	123 980	144 208
Forbruk MGO	Budsjett for tonn MGO for fartøy	13 611	9 549	11 813	9 086
Forbruk BIO	Budsjett for tonn BIO for fartøy	3 712	2 117	3 537	2 102
Forbruk LNG	Budsjett for tonn LNG for fartøy	97,67 %	96,04 %	98,46 %	95,17 %
Måltal miljøkontraktar	Kontraktskrav i miljøkontraktar	*)	*)	*)	*)

* Konkurransesensitiv informasjon



Utsleppstal energiforbruk

Tabellen viser at Fjord1 hadde fire prosent lågare energiforbruk i 2024 enn i 2023. Selskapet reduserte energien frå fossilt drivstoff med åtte prosent og auka straumforbruket med ti prosent. For 2024 var 36 prosent av energien fornybar.

	Utsleppstal for 2024
Klimagassutslepp (tonn CO ₂ -ekv.)	193 515
Energieffektivitet og reduksjon av forbruk	4 %
Materialeffektivitet og reduksjon av forbruk*	–
Brenselbyte	9 %
Elektrifisering	10 %
Bruk av fornybar energi	27 %
Utfasing, erstatning eller endring av produkt*	–
Utfasing, erstatning eller endring av prosess*	–
Anna	–

* Det finst ikkje tal for 2024 for desse punkta.



ESRS E1-5:

Energiforbruk og energimiks

Energimiksen vår er ein kritisk faktor i finansielle vurderingar. Dette er fordi miksen av fornybar og fossil energi påverkar klimarisikoen til selskapet, kostnadar og den langsiktige omstillingsevna. Gjennom å talfeste dette bidreg vi til transparens for investorar, långjevarar, kundar og styresmakter, og vi styrkjer vår posisjon som ein påliteleg og ansvarleg aktør i marknaden.

Fjord1 har klare føringar på at selskapet skal gå frå fossile til fossilfrie energikjelder. Energikjeldene som er brukte, er elektrisitet (EL), marin gassolje (MGO), biodiesel og flytande naturgass (LNG).

Formål og omfang

Rapportering av energibruk og energimiks inkludert prosentdelen fossil og fornybar energi er avgjerande for at vi og interessentane våre skal kunne forstå klimapåverknaden og berekraftsprofilen til selskapet. Etter dei nye krava frå CSRD og ESRS er dette sentrale nøkkeltal som gjer det mogleg å samanlikne prestasjonen vår over tid og dessutan mot bransje-standardar og konkurrerande aktørar.

Vidare legg Sustainable Finance Disclosure Regulation (SFDR) føringar for korleis finansielle aktørar vurderer og rapporterer berekraftsrisiko. Energimiksen vår er ein

kritisk faktor i slike vurderingar, ettersom fornybar vs. fossil energibruk påverkar klimarisikoen til selskapet, kostnadsbilete (til dømes CO₂-avgifter) og langsiktige omstillingsevne. Gjennom å synleggjere dette i tal bidreg vi til transparens for investorar, långjevarar, kundar og styresmakter, og vi styrkjer vår posisjon som ein påliteleg og ansvarleg aktør i marknaden.

Definisjon og metodikk

I tråd med krava i ESRS E1–5, særleg paragraf 37–43 og dessutan tilhøyrande Application Requirements (AR 32–38), har vi definert rapporteringsomfanget vårt til elektrisitet, marin gassolje (MGO), biodiesel (BIO) og flytande naturgass (LNG) som energikjelder som er relevante for kjerneverksemda vår. Dette inneber energi-forbruk for alle fartøya, kontora, andre bygg som er eigde eller drifta av Fjord1, og dotterselskapa våre.

Vi har avgrensa rapporteringa og ekskludert energi-forbruket til det tilknytte selskapet Can Fjord Ferries i verkeområde 1 og 2. Dette er basert på retningslinjene i AR 32–38. Vi vil gjere greie for eventuelle estimat eller overslag som er nytta for forbruket av marin gassolje for dette selskapet i verkeområde 3. Ved å gjere avgrensinga tydeleg sikrar vi at rapporteringa er i samsvar med ESRS E1–5, samtidig som ho er konsistent og gjennomsiiktig for interessentane våre.

Energiforbruk og energimiks (MWh)

Mål	2023	2024
1) Brenselforbruk frå kol og kolprodukt (MWh)	0	0
2) Brenselforbruk frå råolje og petroleumsprodukt (MWh)	202 591	171 525
3) Brenselforbruk frå naturgass (MWh)	166 175	164 734
4) Brenselforbruk frå andre fossile kjelder (MWh)	0	0
5) Forbruk av kjøpt eller erverva elektrisitet, varme, damp og kjøling frå fornybare kjelder (MWh)	0	0
6) Samla fossilt energiforbruk (MWh) (rekna ut som summen av rad 1–5)	368 766	336 259
Del av samla energiforbruk frå fossile kjelder (%)	77 %	73 %
7) Forbruk frå kjernefysiske kjelder (MWh)	0	0
Del av forbruk frå kjernefysiske kjelder i samla energiforbruk (%)	0	0
8) Brenselforbruk for fornybare kjelder, under dette biomasse (MWh)	0	0
9) Forbruk av kjøpt eller erverva elektrisitet, varme, damp og kjøling frå fornybare kjelder (MWh)	113 035	123 980
10) Forbruket av eigenprodusert fornybar energi som ikkje er brensel (MWh)	0	0
11) Samla forbruk av fornybar energi (MWh) (rekna ut som summen av rad 8–10)	113 035	123 980
Kjernefysiske kjelder sin del av samla energiforbruk (%)	0	0
Samla energiforbruk (MWh) (berekna som summen av rad 6, 7 og 11)	481 801	460 239

Energiintensitet per nettoinntekt

	2023	2024
Samla energiforbruk frå aktivitetar i sektorar med høg klimapåverknad per nettoinntekt frå aktivitetar i sektorar med høg klimapåverknad (MWh/pengeeining)	0,1347	0,1174

Nettoinntekt frå aktivitetar i sektorar med stor klimapåverknad

Nettoinntekt frå aktivitetar i sektorar med høg klimapåverknad som blir brukt for å rekne ut energiintensitet	3 921 346 160
Nettoinntekt (anna)	14 715 840
Nettoinntekt i alt (finansrekneskap)	3 936 062 000

ESRS E1-6:

Brutto klimagassutslepp innanfor scope 1, 2, 3 og samla klimagassutslepp

Fjord1 har valt å basere rekneskapen på GHG-protokollen, og det inneheld data frå Fjord1 AS og tilknytte selskap. For Fjord1 er klimagassrekneskap ikkje berre eit rapporteringskrav, men eit strategisk verktøy for å forstå, styre og redusere utsleppa våre. Gjennom systematisk kartlegging av klimagassutslepp kan vi identifisere dei største utsleppskjeldene, setje ambisiøse reduksjonsmål og sikre ei meir berekraftig drift.

Prinsipp for utrekning av klimarekneskapen

Datakjelder og avgrensingar

Klimarekneskapen for 2024 er den første rekneskapen for Fjord1 som inkluderer verkeområde 3. Data som gjev grunnlaget for rekneskapen, er ein miks av aktivitetsbaserte tal og tal frå den økonomiske rekneskapen.

For verkeområde 1 og 2 har vi brukt aktivitetsbasert metode for å berekne klimagassutslepp. Utsleppsfaktorar er henta frå Defra for verkeområde 1 og NVE for verkeområde 2. For verkeområde 3 har vi nytta aktivitetsbasert metode for å rekne ut kategoriane «Drivstoff og energirelaterte utslepp» og «Nedstraums leigde egedelar». For kategoriane «Avfall», «Forretningsreisen», «Pendling», «Bruk av selde produkt» og «Investeringar» har vi nytta ein kombinasjon av aktivitetsbasert metode og gjennomsnittsutrekningar. For kategoriane «Innkjøpte varer og tenesten» er det primært brukt kostnadsbasert metode. Ein leverandør har levert leverandørspesifikke data. Kategorien «Anleggsmiddel» er berre basert på kostnadsbasert metode. Faktorar for kostnadsbasert metode er henta frå verktøyet Novata.

Estimativisse i klimarekneskapen

Estimat for avfall frå attvinning av fartøy er basert på estimat for vekten på fartøya og sjablongmessige tal for avfallsmengda knytt til ulike skipstyper. Her har vi estimert at om lag 70 prosent av fartøyvekten er stål som blir resirkulert. Vi har estimert at dei resterande 30 prosentane er restavfall som går til forbrenning.

Vekten på to av fartøya er estimert til 600 tonn, og det tredje er estimert til 500 tonn. Det er relativt høg estimativisse i denne kategorien.

Når det gjeld avfall frå kontora, er kontoret i Florø basert på informasjon frå faktura. For Bergen er avfall rekna ut basert på talet på kvadratmeter kontor. For Molde har vi ikkje lykkast med å hente inn tal. Dette er estimert ut frå tal frå Bergen. Desse utsleppa utgjør ein svært liten del av utsleppet totalt.

Noko av avfallet er definert i liter og kubikkmeter. Her har vi gjort ei sjablongmessig omrekning basert på omrekningstabellen frå US Environmental Protection Agency frå 2016. Når det gjeld avfall frå fartøy, er dette basert på faktura. Faktura viser ikkje alle typar avfall, og i nokre tilfelle er ikkje måleininga den same.

For reiser til og frå arbeid har Fjord1 sendt ut ei spørjeundersøking til alle tilsette. Reisevanar for tilsette som ikkje har svart, er baserte på tala frå tilsette som har svart på undersøkinga. Dette gjev noko estimativisse. Denne blir forsterka av at talet på kilometer til og frå jobb kan variere.

Intern kontroll og ekstern gjennomgang

Tala har blitt samla inn og kontrollerte av tilsette i Fjord1. Ein intern ressurs med god kjennskap til drifta har blitt utpeika som ansvarleg for å samanlikne og kontrollere klimagassrekneskapen. Klimagassrekneskapen for 2024 er gått gjennom med leiinga i selskapet.

I berekraftsrapporten frå 2023 er det opplyst eit lågare energiforbruk og klimagassutslipp enn det som er rapportert i denne rapporten. I den opphavlege klimarekneskapen for 2023 tok ein ikkje med fartøy som er utleigde til dei tidlegare tilknytte selskapa. Utleige av desse fartøya er med i rapporten for 2024. Tala for 2023 er derfor justerte for å gje eit betre samanlikningsgrunnlag.

I rapporten for 2023 er utslepp som er knytte til dei tidlegare tilknytte selskapet The Fjords utelate. Fartøy som er leigde ut til dotterselskap, var ikkje med i berekraftsrapporten i 2023. Dette er teke med i rapporten i år for å gje mest mogleg rett bilete av totalt energiforbruk og klimagassutslepp.



Klimarekneskapen 2024

Klimarekneskapen viser talet på tonn CO₂-ekvivalentar per kategori. For verkeområde 1 og 2 finst det tal for 2023. Verkeområde 3 er inkludert i klimarekneskapen for første gong i 2024.


	2023	2024
Klimagassutslepp innanfor verkeområde 1		
Brutto klimagassutslipp innanfor verkeområde 1 (tonn CO ₂ -ekv.)	91 825	81 824
Prosentdel av klimagassutslepp innanfor verkeområde 1 frå regulerte ordningar for handel med utsleppskvoter (%)	50,09 %	55,19 %
Klimagassutslepp innanfor verkeområde 2		
Brutto lokasjonsbaserte klimagassutslepp innanfor verkeområde 2 (tonn CO ₂ -ekv.)	1 696	1 860
Brutto marknadsbaserte klimagassutslepp innanfor verkeområde 2 (tonn CO ₂ -ekv.)	67 708	74 264
Vesentlege klimagassutslepp innanfor verkeområde 3		
1 Innkjøpte varer og tenester		22 786
Valfri underkategori: skytenester og datasentertenester		
2 Investeringsvarer		21 300
3 Brensel og energirelaterte aktivitetar (ikkje omfatta av verkeområde 1 eller 2)		15 689
4 Oppstraums transport og distribusjon		
5 Avfall generert under drift		23
6 Forretningsreiser		135
7 Pending for tilsette		0
8 Oppstraums leasa eigedelar		
9 Nedstraums transport		
10 Tilarbeiding av selde produkt		
11 Bruk av selde produkt		43 899
12 Behandling av kasserte selde produkt		
13 Nedstraums leasa eigedelar		5 262
14 Franchise		
15 Investeringar		737
Samla klimagassutslepp		
Samla klimagassutslepp (lokasjonsbaserte) (tonn CO ₂ -ekv.)		193 515
Samla klimagassutslepp (marknadsbaserte) (tonn CO ₂ -ekv.)		265 919



Verkeområde 1

Fjord1 har tilnærma alt utslepp i verkeområde 1 knytt til ferje- og hurtigbåtdrift i selskapet.

Utslepp i tonn CO₂e



Tabellen viser at selskapet har hatt ein reduksjon i utslepp på om lag 10 % frå 2023 til 2024. Dette er i samsvar med Fjord1 sitt mål å om å endre energiberar frå fossile kjelder til ikkje-fossile kjelder.

For verkeområde 1 brukar Fjord1 eige rekneskapssystem for å hente inn data om drivstofforbruk i dei ulike kategoriane. Desse er delte opp og rekna ut basert på prinsippa i GHG-protokollen og faktorar frå Defra. Vi har teke med data både for Fjord1 og for dotter-selskapet Osterøy ferjeselskap.

Fjord1 brukar drivstofftypane marin gassolje (MGO), biodiesel (BIO), flyande naturgass (LNG) og elektrisitet (EL). Drivstoffa er alle ressurskrevjande på sine måtar og fører med seg ein god del utslepp. Fjord1 brukar den typen drivstoff som ligg planlagt i anbodet, eller den som er best eigna ut frå forholda. Dersom det til dømes skal brukast elektrisitet, men det av ulike grunnar ikkje er mogleg, kan Fjord1 nytte marin gassolje som alternativ. Fjord1 ønskjer å drifte mest mogleg energieffektivt med å gå frå A til B med den farten som gjev best energi-innsparing innanfor rammene i rutetabellen. I tillegg tilpassar mannskapet plassering av køyretøy for å skape lettare framdrift over fjorden for fartøya.

Drivstoffbruk for 2024:


Type drivstoff	Forbruk
Marin gassolje (MGO)	12 791 085 liter
Biodiesel (BIO)	4 534 276 liter
Flytande naturgass (LNG)	12 024 355 kilogram
Elektrisitet (EL)	123 980 046 kilowattimar



Verkeområde 2


Fjord1 rapporterer verkeområde 2 med lokasjonsbasert metode og bruker faktor frå NVE for å rekne ut CO₂-utslepp frå elektrisitet. Det er ei auke i utslepp på omlag 10 prosent frå 2023 til 2024. Dette er ei ønskja auke etter som Fjord1 ønskjer å endre energikjeldene sine frå fossile kjelder til ikkje-fossile kjelder.

Lokasjonsbasert utslepp i tonn CO₂e



Fjord1 har henta måledata frå målepunkta i bygningane og ladestasjonane som Fjord1 disponerer. Vi har innhenta fakturainformasjon for datterselskapa Måløy reisebyrå, Osterøy ferjeselskap, Hareid Trafikkterminal, Bolsønes verft og ÅB Eigedom. Til omrekning har vi brukt faktor frå NVE som er sett til 15 gram per kilowatttime.

Marknadsbasert utslepp i tonn CO₂e



109 831

Utslepp tonn CO₂e
verkeområde 3 i 2024

Verkeområde 3

For verkeområde har Fjord1 i større grad nytta kostnadsbaserte estimat. Datainnsamlinga har vist at det er nokre manglar i datagrunnlaget noko som bidreg til at klimaregnskapet ikkje er fullstendig. Nye rutiner for innhenting vert gjennomgått for 2025. Omrekningsfaktorane som er brukt er henta frå Defra.

Verkeområde 3 er berekna leverandørspesifikt der dette har vert muleg. På alt resterende har vi brukt kostnadsbaserte data for å få klimarekneskapen til å bli så fullstendig som mulig. Hovuddelen i verkeområde 3 er knytt til kategoriane «Bruk av solgte produkten» (sal av ferje med lang resterande levetid), «Innkjøpte varer og tenestar», «Anleggsmiddel» og «Drivstoff og energi-relaterte utslepp».

Estimat og berekningsmetodar per kategori for verkeområde 3

Kategori 1: Innkjøpte varer og tenestar

Her har vi fått gode tal frå leverandøren Norengros som viser reelle utsleppstal. For alle andre innkjøp har vi nytta kostnadsbasert berekning. Tala har blitt kategorisert etter næringskodar (NACE-kodar). Dette har vore ein manuell jobb som gir noko feilmargin.

Kategori 2: Anleggsmiddel

Her har vi tatt med ombygging av hurtigbåtar og nye ferjer og berekninga er gjort etter kostnadsbasert metode.

Kategori 3: Drivstoff og energirelaterte aktivitetar

Her har vi innhenta reelle data på energi og brukt utsleppsfaktorar frå Defra for å berekne utsleppet. Drivstoff og energiforbruk blir henta frå Fjord1 sitt eige rekneskapssystem.

Kategori 5: Avfall

Her er det ei blanding mellom estimat og reelle tal. Avfall er i stor grad oppgitt i kilogram, men der eininga er oppgitt i liter eller kubikkmeter er det omrekna til kilogram ved å estimere vekt. Avfall frå resirkulering av ferjer er basert på estimat på lettskipsvekt og at stålvekta er grad av resirkulering.

Kategori 6: Forretningsreiser

Her er det primært reelle tal, henta frå reiserekningar og Måløy reisebyrå. Antall hotelledøgn er berekna ved å dele sum på hotelovernattingar delt på eit gjennomsnitt av Fjord1 sin avtalepris. I tillegg er det gjort ei kostnadsbasert berekning for ekstrarekningar frå hotel. Dette talet inkluderer også arrangement.

Kategori 7: Pendling hos tilsette

Fjord1 sendte ut ei spørreundersøking om reisevanar. Svarprosenten på denne var 34 prosent. Undersøkinga gir svar på andelen av ulike transportmiddel som dei tilsette har brukt for å kome til og frå jobb. Tilsettreiser for den andelen tilsette som ikkje har svart er berekna ut frå den andelen som har svart. Det er tatt høgde for kor mange kilometer dei tilsette pendlar til og frå jobb.

Kategori 11: Bruk av selde produkt

Fjord1 har seld ei ferje i 2024. Her har vi estimert at ferja vert drifta fire månadar i året (basert på tiltenkt bruk), at den brukar 720 000 liter diesel i året, og at restlevetida er 22 år.

Kategori 13: Utleigde eigendelar

Her har vi henta inn drivstofforbruk for dei seks utleigde fartøya frå rekneskapssystemet. Vi har berekna utsleppet basert på forbruket av marin gassolje. Vi har brukt Defra sin omrekningsfaktor for å berekne CO₂-utsleppet.

Verkeområde 3 er berekna leverandørspesifikt der dette har vert muleg. På alt resterende har vi brukt kostnadsbaserte data for å få klimarekneskapen til å bli så fullstendig som mulig.

Kategori 15: Investeringar

Her har vi teke med tal frå fellesføretaket Can Fjord Ferries. Fjord1 eig 50 prosent av selskapet, og har difor rapportert 50 prosent av forbruket av drivstoff frå ferja til selskapet. Drivstofforbruk er henta inn frå representanten for selskapet i Canada. Vi har ikkje inkludert straumforbruk til selskapet.

Kategoriar som ikkje er inkluderte i verkeområde 3

Kategori 4: Oppstraums transport og distribusjon

Transporttenestar blir per i dag rapporterte som innkjøpte varer og tenestar, då transporten er ein del av produktet vi kjøper.

Kategori 8: Oppstraums leigde eigedelar

Fjord1 leiger ikkje slike eigedelar. Eventuelle leigeavtalar er inkluderte i innkjøpte varer og tenester.

Kategori 9: Nedstraums transport og distribusjon

Fjord1 sel ingen produkt som skal fraktast for vidaresal.

Kategori 10: Prosessering av selde produkt


Fjord1 produserer i liten grad produkt. Produksjon og sal av mat som blir konsumert på ferjene, er teke med som innkjøpte varer og straumforbruk.

Kategori 12: Avfall frå selde produkt

Skip som Fjord1 sel, blir brukte vidare i drift, og vi rapporterer difor utslepp for dette i kategori 11.

Kategori 14: Franchisar

Fjord1 ikkje har nokon franchisar.



Totale utslepp

Totalt CO₂e-utslepp er rekna til 193 515 tonn ved bruk av lokasjonsbasert metode. Selskapet har rekna ut verkeområde 1 og verkeområde 2 over fleire år, og ser ein positiv nedgang i utsleppa som hovudsakleg kjem av elektrifisering. Shipping generelt har eit høgt avtrykk, og Fjord1 bidreg positivt med å fremje endringar i bransjen. Det største enkeltutsleppet for Fjord1 er i verkeområde 3 og er knytt til utrekningar for restlevetida til ei ferje som vart seld i 2024. Samla sett ser vi at Fjord1 har eit stort utslepp og stor påverknad på klimaet på grunn av aktiviteten sin.

Fjord1 har ein reduksjon i CO₂e-utslepp på omlag ti prosent frå 2023 til 2024. Utslepp i verkeområde 3 kan ikkje samanliknast ettersom dette er rekna ut for første gong i 2024.

Totalt utslepp i tonn CO ₂ e	2023	2024
Totalt utslepp CO ₂ e, lokasjonsbasert		193 515
Totalt utslepp CO ₂ e, marknadsbasert		265 919
Verkeområde 1, utslepp i tonn CO ₂ e	93 520	81 824
Verkeområde 2, lokasjonsbasert utslepp i tonn CO ₂ e	91 825	74 264
Verkeområde 2, marknadsbasert utslepp i tonn CO ₂ e	1 696	1 860
Verkeområde 3, utslepp i tonn CO ₂ e*		109 831

*Her fins ikkje tal for 2023

Klimagassintensitet per nettoinntekt

Tabellen viser det totale utsleppet frå klimarekneskapen per millionar kroner. ESRS E1 slår fast at «net revenue» skal nyttast til å rekne ut faktoren. I denne klimarekneskapen vert driftsinntektene til konsernet for 2024 lagt til grunn.

Klimagassintensitet per nettoinntekt	2024
Samla klimagassutslepp (lokasjonsbaserte) per nettoinntekt (tonn CO ₂ -ekvivalentar/MNOK)	0,0493
Samla klimagassutslepp (marknadsbaserte) per nettoinntekt (tonn CO ₂ - ekvivalentar/MNOK)	0,0678

Nettoinntekt som vert nytta til å rekne ut klimagassinntekt

Tabellen viser nettoinntektene som vert nytta til å rekne ut klimagassintensitet. Her har vi berre brukt nettoinntektene til konsernet og nettoinntektene til Fjord1 for å rekne ut klimagassintensitet.

Nettoinntekt som vert nytta til å rekne ut klimagassintensitet	3 921 346 160
Nettoinntekt (anna)	14 715 840
Nettoinntekt i alt (finansrekneskap)	3 936 062 000




03

Sosial informasjon

S1 / S3




I kapittelet Sosial informasjon finn du ei rekkje nøkkeltal om egne tilsette, inkludert likestilling og mangfald. Her presenterer vi vår påverknad på lokalsamfunnet både som leverandør av samfunnskritisk infrastruktur og som lokal bidragsytar.



Reisande

18,4 mill



Køyretøy frakta


10,3 mill




Læringar

122

Antal tilsette



Kjønnsfordeling



Eigne tilsette

Medarbeidarane er den viktigaste ressursen, og står sentralt i arbeidet med å utvikle ein meir berekraftig og framtidsretta transportsektor. Vi har ein vesentleg påverknad på dei tilsette og arbeidskvardagen deira. Selskapet har ei viktig rolle i å styrke og motivere, og vi legg vekt på medarbeidartrivsel og utvikling.

ESRS 2 SBM 2 og 3:

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for eigne tilsette

Fjord1 har kontinuerleg dialog med interessentane for å sikre at vi tek omsyn til synspunkta deira i arbeidet med berekraft. Våre eigne tilsette er ei sentral interessentgruppe, og innspela deira blir tekne med i

vurderingar av berekraftsstrategiar og tiltak. I den doble vesentlegheitsanalysen som blei gjennomført i 2024, blei det avdekt fire vesentlege IRO-ar for eigne tilsette (S1).

Meir informasjon om korleis synspunkta til dei tilsette blei inkluderte i den doble vesentlegheitsanalysen, er beskrive i kapittelet «Generelle opplysningar ESRS 2».

Undertema	IRO	Beskriving	Verdikjede
Arbeidsforhold	Positiv påverknad	Fjord1 kan påverke eigne tilsette positivt ved å leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø og ein trygg arbeidsplass, utover kva som er lovpålagt.	Eigne aktivitetar
	Risiko	Dersom ein ikkje har konkurransedyktige vilkår for tilsette kan dette medføre rekrutteringsutfordringar og tap av nøkkelkompetanse.	Eigne aktivitetar
	Risiko	Selskapet greier ikkje å sikre at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse.	Eigne aktivitetar
	Risiko	Høgare sjukefråvær på landsbasis i bransjen kan medføre rekrutteringsutfordringar for selskapet.	Eigne aktivitetar



ESRS S1-1:
Policyar i samband med egne tilsette

Som eit norsk selskap er Fjord1 underlagt fleire lover og reguleringar som sikrar at vi held menneskerettane. Fjord1 er forplikta til å respektere og fremje menneske-rettar for alle tilsette, i samsvar med internasjonale standardar som FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP) og ILO-konvensjonar. Vi er vidare pliktige til å følgje arbeidsmiljølova, skipsarbeids-lova, diskrimineringslova og likebehandlingslova, som bidreg til å sikre dette.

I Noreg har vi tilsynsorgan som skal sikre at vi opererer i samsvar med gjeldande lovverk. Dette er mellom andre Arbeidstilsynet, Sjøfartsdirektoratet, Datatilsynet og Diskrimineringsnemnda.

Retningslinjer for arbeidsforhold

Retningslinjene vi har som skal sikre at tilsette har trygge og rettferdige arbeidsforhold, er forankra i bedrifts-leiinga. HR, sikkerheit og bedriftsleiinga tek ansvar for å identifisere og ta opp potensielle risikoar med dette.

Dei viktigaste retningslinjene er

- forretningsetiske retningslinjer
- HMS – mitt ansvar!
- arbeidsreglement

Vi rettar oss etter norsk lov, som forbyr barnearbeid og tvangsarbeid i alle deler av verksemda. Vi er forplikta til å tilby anstendige lønningar, rettferdige arbeidsvilkår og til å sikre forsvarlege arbeidsmiljø etter lovkrav frå staten. For å fremje rettferd på arbeidsplassen har vi strenge retningslinjer mot diskriminering, trakassering og forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn, alder, rase og religion.

Alle tilsette skal ved oppstart av arbeidsforholdet gjennom eit obligatorisk e-læringskurs i Fjord1-skulen, «Rederiutsjekk», som sikrar at ein får informasjon om og innsyn i retningslinjer for arbeidsforholdet. Alle tilsette har gjennom tilsetjingsforholdet tilgang til, og skal nytte,

styringssystemet vårt, som inneheld alle relevante retningslinjer.

Vi overvaker og gjennomfører jamlege revisjonar av praksisane våre for å sikre at vi er i tråd med det gjeldande lovverket. Vi har både eksterne og interne revisjonar. Styringssystemet er lagt opp slik at vi har sett egne krav med tidsfristar til å revidere dei interne retningslinjene og politikkane våre jamleg. Dersom det blir gjort endringar i dei styrande dokumenta, vil endringane dukke opp i dei påverka tilsette sin endringslogg i styringssystemet. Dette sikrar at vi held oss oppdatert og i tråd med gjeldande lovverk og krav.

Vi overvaker og gjennomfører jamlege revisjonar av praksisane våre for å sikre at vi er i tråd med det gjeldande lovverket.

Etisk framferd

I våre etiske retningslinjer har vi slått fast at vi har null-toleranse for diskriminering, mobbing og trakassering, inkludert uønskt seksuell merksemd. Alle medarbeidarar skal opptre med respekt overfor kollegaene sine. Du kan lese meir om dei etiske retningslinjene i delkapittelet «G1 Forretningsskikk».

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Tilsette i Fjord1 skal ha ein trygg arbeidsplass og eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø. For å oppnå dette har ein utarbeidd ein HMS-strategiplan. Planen tek utgangspunkt i fem hovudområde som påverkar sikkerheitskulturen: sikkerheitsstyringssystemet, risikostyring og forbedring, leiarskap, læring og utvikling og arbeidsmiljø, helse og trivsel. Det er definert mål, delmål og tiltak innanfor kvart hovudområde. Hovudmålet med strategi-planen som gjeld frå 2022 til 2026, er å etablere ein proaktiv sikkerheitskultur.

Det inneber følgjande:

1. HMS er prioritert i alt ein gjer.
2. Dei tilsette tek initiativ for å sikre god HMS.
3. Leiarane er aktive pådrivarar for ønskt HMS-åtfærd.
4. Dei tilsette tek ansvar for eigen og andre sin sikkerheit («HMS – mitt ansvar!»)
5. Ein konfronterer kvarandre ved usikker åtfærd.
6. Korrigeringar som gjeld usikker åtfærd, blir verdsette.
7. Uønskte hendingar blir rapporterte og korrigerte.
8. Ein nyttar risikovurderingar for å hindre uønskte hendingar.
9. Ein gjer kontinuerlege investeringar for å auke kompetansen til dei tilsette.
10. Ein skaper energi og arbeidsglede gjennom trygge relasjonar og samhandling.

Arbeidsreglement

Fjord1 har eit arbeidsreglement som gjeld for alle dei tilsette, og som gjev oversikt over dei rettane og pliktene ein har som tilsett i selskapet. Det skal vere trygt og forsvarleg å arbeide i selskapet vårt, og derfor har vi tydeleggjort fleire forhold som påverkar dei tilsette gjennom arbeidsreglementet vårt. Reglementet viser vidare til andre viktige og aktuelle retningslinjer. Når ein nytilsett inngår ein arbeidsavtale, blir personen gjort kjend med innhaldet i reglementet og må signere på at vedkommande har lese og forstått innhaldet.

Område som er dekte i arbeidsreglementet, er prøvetid, lønnsutbetaling, arbeids- og kviletid, reisegodtgjering, fråvær/sjukdom, permisjonsreglement, ferie, avspasering, orden og åtfærd, uniformsreglement, sikkerheit, vernearbeid, røyk og rus, forretningsetiske retningslinjer (Code of Conduct), styringsretten til arbeidsgjevaren, handtering av pengar, reglar for anna arbeid hos annan arbeidsgjevar, konfidensialitet og teieplikt, konkurranse-klausul, avslutting av tilsetjingsforholdet/oppseiing, og mishald av arbeidsreglementet.



ESRS S1–2:

Rutinar for kontakt med eigen arbeidsstyrke og arbeidstakar-representantar

I Fjord1 ønskjer vi ein arbeidsplass der tilsette føler seg sett, høyrd og verdsett. Vi har forplikta oss til å involvere dei tilsette i avgjerdsprosessar som påverkar arbeidsforholdet deira. Bedriftsleiinga har ansvaret for å sikre at engasjementet skjer på ein systematisk og effektiv måte, og at tilbakemeldingar frå tilsette og representantane deira blir brukte aktivt i avgjerdsprosessar. Andre leiarar i selskapet skal sikre at kvar enkelt eining blir høyrd, og at ein har høve til medverknad.

I Fjord1 er det obligatorisk å gjennomføre årleg medarbeidersamtale. I desse samtalan er det mogleg for tilsette å melde frå om ønske, forbettringsforslag eller andre ting, som leiaren igjen pliktar å følgje opp på ein tenleg måte.

Selskapet gjennomfører medarbeidarundersøking annakvart år. Den siste var i 2023, og neste er planlagd til hausten 2025. Vi vurderer effektiviteten og kvaliteten av tiltak gjennom analysar av tilbakemeldingar frå medarbeidarundersøkingar, og HR har gjennomgang av resultata frå undersøkinga med bedriftsleiinga.

Verne- og miljøutval og arbeids- og miljøutval
Fjord1 har eit aktivt verne- og miljøutval (VMU) på sjøsida og eit arbeids- og miljøutval (AMU) for administrasjonen. Utvala har høvesvis 6 og 4 faste møte kvart år. Utvala skal bidra til å sikre trygge og forsvarlege arbeidsmiljø for sjø- og administrasjonstilsette.

I begge utvala er det faste punkt som blir drøfta i kvart møte, i tillegg til at enkeltsaker kan meldast inn. Faste punkt som blir drøfta, handlar om personskadar, uønskte hendingar og saker som er melde inn frå tilsette, verneombod, hovudverneombod og medlemmer som sit i VMU og AMU. Fjord1 gjennomfører vernerundar og vernemøte. Dette resulterer i HMS-status og rapportar til selskapet. Selskapet oppmodar tilsette om å melde inn

saker. Dei kan melde saker til representantar i utvalet, direkte til leiaren av utvalet eller e-postadressa til utvalet.

Møte med fagforeiningane
Selskapet har faste møte med alle fagforeiningane som er knytt til Fjord1. På sjøsida er dette Norsk Sjømannsforbund, Norsk Sjøoffisersforbund og Det norske maskinistforbund. På landsida gjeld dette Negotia, Handel og Kontor og NITO. Leiinga i Fjord1 møter fagforeiningane minimum 10 gonger per år, inkludert årlege lønnsforhandlingar. Samhandlinga blir regulert av hovudavtalen mellom LO og NHO.

Fjord1 har etablert fleire kanalar der tilsette kan uttrykkje bekymringar eller behov til leiinga. Dette inkluderer varslingskanalar som er opne for tilsette i selskapet.

ESRS S1–3:
Rutinar for å motverke negative påverknader og kanalar der ein kan gje uttrykk for bekymringar

Fjord1 har etablert fleire kanalar der tilsette kan uttrykkje bekymringar eller behov til leiinga. Dette inkluderer varslingskanalar som er opne for tilsette i selskapet. Ein av varslingskanalane blir administrert av eit eksternt advokatfirma for å sikre uavhengigheit og objektivitet. Gjennom denne kanalen kan dei tilsette varsle anonymt. Dei tilsette kan også ta opp bekymringar med sin næraste leiar eller med HR. Vi sikrar at alle tilsette har enkel tilgang til desse kanalane, og at dei kan brukast utan frykt for represaliar eller gjengjelding.

Klage- og varslingsmekanismar for tilsette
Fjord1 har eit system for å handtere klager og varsel som er knytt til tilsette, som gjer det mogleg for alle å melde inn bekymring om arbeidsforhold eller andre kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingskanalane

våre, som inkluderer både interne og eksterne løysingar, sikrar at dei tilsette har fleire moglegheiter til å melde inn saker som blir tekne på alvor og handterte effektivt.

Prosessar for å støtte tilgjengelegheita til kanalane
Fjord1 har innført eit sikkerheitsstyringssystem som gjer det mogleg for tilsette å melde inn hendingar som er relaterte til helse, miljø og sikkerheit. Dei tilsette skal registrere uønskte hendingar, og selskapet sikrar at dei blir behandla på ein tenleg måte gjennom tydeleg styrte prosessar for å sikre korrekt og trygg saksbehandling.

For å vurdere om dei tilsette er medvitne om og har tillit til dei tilgjengelege strukturane og prosessane for å fremje bekymringar eller behov, er spørsmål om dette inkludert i medarbeidarundersøkinga. I medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført i 2023 viste resultata at 4,35/7 opplevde at ein trygt kunne varsle om eventuelle kritikkverdige forhold. Til samanlikning var talet 4,29/7 i 2022, på ein skala frå 1 til 7, der 1 er lågast vurdering og 7 er høgast vurdering. I 2024 har vi arbeid med å gjere retningslinjene for varsling tydelegare og enklare. Dette skal gjere det meir forståeleg for tilsette kva for moglegheiter og rettar dei har. Nye målingar som skal vise om tiltaka har hatt effekt, vil vere klare i fjerde kvartal 2025.

Det er etablert klare retningslinjer for vern mot represaliar for dei som nyttar dei interne kanalane. Dette inkluderer også dei tillitsvalde og tilsette som melder inn bekymringar. Desse retningslinjene er ein del av dei etiske retningslinjene, og vi sørgjer for at alle tilsette blir informerte om rettane sine og verna mot eventuelle former for hemn eller negative konsekvensar som følgje av varsling.

Gjennom interne prosessar og jamlege tilbakemeldingar frå tilsette evaluerer vi kontinuerleg korleis desse strukturane og prosessane fungerer, og om dei gjev tilstrekkeleg vern og støtte. HR har merka ein auke i førespurnader frå tilsette, mellom anna om konflikhtar. Dette kan tyde på at tilsette kjenner seg tryggare på å ta opp utfordringar og søkje støtte. Det er framleis for

tidleg å konkludere med om dette kjem av auka sikkerheit rundt varsling, men vi planlegg å samle inn målingar i fjerde kvartal 2025 for å få eit klarare bilete. Resultata vil bli rapporterte i 2025.

ESRS S1–4:
Tiltak og strategiar for vesentlege påverknader på eigen arbeidsstyrke

Fjord1 følgjer opp og vurderer jamleg effekten av ulike tiltak som er knytte til eigne tilsette. Vi gjennomfører ei jamleg undersøking av arbeidsmiljøet. Der blir medarbeidarane si oppleving av utvikling innanfor opplæring og kompetanseheving, og oppfatning av leiinga, målt. Kva tiltak som blir gjennomførte, er tett knytt til HMS-strategien vår. Sentrale nøkkeltal og tiltak på HR-området er ein del av den årlege verksemdsstyringa, som blir rapportert til styret.

Eit godt arbeidsmiljø og ein trygg arbeidsplass
Fjord1 har i 2024 gjennomført fleire tiltak for å styrkje arbeidsmiljøet og sikkerheita for dei tilsette. Desse tiltaka har vore retta mot å redusere mobbing og trakassering, auke kunnskapen blant dei tilsette og skape eit betre arbeidsmiljø.

HMS-kampanjen «Ver ein god kollega – slik gjer vi det!»
Eit sentralt tiltak var HMS-kampanjen «Ver ein god kollega – slik gjer vi det», som hadde som mål å redusere mobbing og trakassering og auke innsikta i korleis konflikhtar oppstår, og korleis dei kan førebyggjast. Kampanjen inkluderte eit obligatorisk e-læringskurs gjennom Fjord1-skulen, som blei publisert i siste kvartal av 2024. I tillegg deltok HR- og sikkerheitsavdelinga på kvartalsmøte med alle fartøy, der dei informerte om kampanjen og gjennomførte gruppeoppgåver med dialogkort om aktuelle tema. Desse oppgåvene hadde som formål å skape ei auka forståing av kva som er uakseptabel oppførsel, og kvar grensene går.

HMS-kampanjen «Ferjevettreglane»

For å sikre eit trygt arbeidsmiljø for tilsette om bord lanserte Fjord1 i påska 2024 kampanjen «Ferjevettreglane». Kampanjen nytta folkeopplysning gjennom sosiale medium for å fremje sikkerheit for dei tilsette og reisande. Desse reglane tok høgde for både fysiske og psykososiale risikofaktorar i arbeidsmiljøet. Som ein del av tiltaket blei det i løpet av året sett opp plakatar med ferjevettreglane i passasjer soner på alle Fjord1 sine fartøy og kontorlokasjonar. Informasjon om reglane blei også delt gjennom nyhende på radio og nettaviser.

Sosial samankomst

For å styrkje samhaldet blant dei tilsette løyvde Fjord1 i 2024 midlar til fartøya for å gjennomføre sosiale samlingar rundt juletider. Det blir årleg gjennomført ei medarbeidarsamling for tilsette i F1 Administrasjon. Tiltaka har mål om å fremje betre arbeidsmiljø og styrkje samhald og trivsel blant dei tilsette.

Utvikling av bransjestandard mot mobbing og trakassering

Fjord1 bidrog i arbeidet med å utvikle ein bransjestandard mot mobbing og trakassering, og for auka mangfald i regi av NHO Sjøfart. Selskapet forplikta seg i 2024 til å etterleve denne standarden, noko som markerer eit viktig steg i arbeidet for eit tryggare og meir inkluderande arbeidsmiljø i bransjen. Les meir om dette i [bransjestandarden til NHO Sjøfart](#).

Deltaking på konferansen Kvinner på sjøen

Som ein del av arbeidet med å fremje likestilling deltok fem kvinnelege tilsette frå Fjord1 på konferansen *Kvinner på sjøen* i 2024. Dette tiltaket var eit ledd i arbeidet for å styrkje rolla til kvinner i sjøfartsbransjen og bidra til eit meir mangfaldig og inkluderande arbeidsmiljø.

Tiltak for å sikre ein trygg arbeidsplass

Fjord1 har ei rekkje tiltak for å sikre at alle tilsette har ein trygg arbeidsplass. Tilsette som arbeider på spesi-
fikke stader eller utfører farleg arbeid, kan vere meir utsette for personskade. Farleg arbeid omfattar varmt arbeid, arbeid i høgda, dykking, arbeid på flåte, entring

og arbeid i tankar og lukka rom. Det er utarbeidd ein prosess i styringssystemet for å redusere risikoen for farleg arbeid til eit akseptabelt nivå. I denne prosessen er det mellom anna krav om å gå gjennom eller utarbeide ei risikovurdering og å fylle ut ei standardisert sjekkliste. Handtering av kjemikaliar og utføring av aktivitetar som kan føre til eksponering for biologiske faktorar, aukar risikoen for skade. Fjord1 har ein prosess i styringssystemet som inneber å studere jobbeskrivinga og utføre risiko-
vurdering før aktiviteten kan gjennomførast.

Personleg verneutstyr

I matrisa for verneutstyr er det identifisert 25 arbeidsoperasjonar på fartøya som krev bruk av personleg verneutstyr. Dette inkluderer til dømes arbeid med svart-vatn, arbeid på eller ved elektriske anlegg, bunkring av diesel, fortøying, sveising og brenning. Verneutstymatrisa er eit verktøy for tilsette som gjer det enklare å sjå kva slags verneutstyr som er nødvendig for dei vanlegaste operasjonane om bord.

Førebygging av arbeidsrelatert dårleg helse

Dersom ein tilsett utviklar dårleg helse som følge av arbeidet, skal dette meldast som ei personhending. Kwart enkelt tilfelle blir følgt opp av sikkerheits og HR-avdelinga. Tilsette kan få tilrettelegging, som mellombelse alternative arbeidsoppgåver eller ergonomiske tilpassingar. Fjord1 tilbyr også behandlingsordningar og har personforsikring for alle tilsette.

Det viktigaste tiltaket Fjord1 gjer, er å førebyggje helseplager hos tilsette gjennom kontinuerleg og systematisk arbeid. I 2024 hadde vi som tidlegare nemnt særleg søkjelys på det psykososiale arbeidsmiljøet gjennom kampanjen «Ver ein god kollega – slik gjer vi det!».

Satsing på helse til dei tilsette

Ei god fysisk og psykisk helse er grunnmuren for å kunne utføre arbeidsoppgåver på ein trygg og effektiv måte, trivast på jobb og bidra til eit godt arbeidsmiljø. I 2024 blei det vedteke å gjennomføre ein kampanje i 2025 der om lag 100 tilsette får tilbod om digital helserettleiing. Tenesta gir dei tilsette tilgang til personleg oppfølging



med vekt på fysisk, mental og sosial helse, til dømes søvn, ernæring og meistring. Målet er å styrkje trivsel, medarbeidartilfredsheit og å førebygge sjukefråvær og bidra til betre helse blant medarbeidarane. Tiltaket skal starte i januar 2025.

Det blei også i 2024 vedteke å gjennomføre ein kampanje i tredje kvartal i 2025 der ein legg vekt på fysisk helse. Desse tiltaka viser samla at Fjord1 arbeider aktivt for å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for tilsette, med vekt på helse, sikkerheit og trivsel.

Konkurransedyktige vilkår

Fjord1 gjennomførte i 2024 fleire tiltak for å gje dei tilsette meir konkurransedyktige vilkår.

Velferdsgode og pensjon

Selskapet tilbyr ulike velferdsgode, og i 2024 blei fleire av dei justerte til fordel for dei tilsette. Mellom anna utvida vi tilbodet med fleire hytter og leiligheter som tilsette kan leige tilbodet til ein rimeleg pris. I tillegg blei summen ein kan få dekt for treningsutgifter per år, auka.

Pensjonsordningane for tilsette blei forbetra i 2024, noko som styrkjer den langsiktige sikkerheita for medarbeidarane.

Uniformer – betre tilpassa kvinner, meir komfort for alle

For sjøtilsette blei det i 2023 vedteke å innføre nye uniformer, og den første leveransen av dei nye plagga kom våren 2024. Dei nye uniformene er betre tilpassa kvinner og har generelt betre kvalitet og komfort for alle tilsette. Uniformgodtgjersla blei auka i oktober 2024 i samsvar med tariff.

Kompetanse og utvikling

Fjord1 legg vekt på kompetanseutvikling for å sikre at dei tilsette er rusta for arbeidet dei er sette til å gjere. Vi kartlegg medarbeidarane si oppleving av læring og kva utviklingsmoglegheiter dei har i selskapet.

Støtte til kompetanseheving

For å sikre kompetanse og utvikling innvilga vi 11 stipend for sjøtilsette som ønskte å vidareutdanne seg til navigatør/maskinist i 2024. Vi garanterer at alle tilsette som får stipend, får fast jobb og kadett plass. Fjord1 innvilga støtte for 4 tilsette til kompetanseheving i form av vidareutdanning.

Læreplassar

I 2024 hadde selskapet 122 lærlingar og 8 kadettar i Fjord1 (sjø) og 2 trainear i F1 Administrasjon.

Kurs i Fjord1-skulen

Gjennom Fjord1-skulen får dei tilsette auka kompetansen sin og skal gjennomføre obligatoriske kurs. Vi tilbyr ulike obligatoriske e-læringskurs for tilsette, inkludert grunnleggjande kunnskap om reiarlaget («Rederutsjekk»), psykososialt arbeidsmiljø og handtering av utfordrande situasjonar («Ver ein god kollega»), og medarbeidaroppfølging for leiarar («Medarbeidaroppfølging og -leiing»). For administrative tilsette finst det kurs i arkivsystemet Documaster, og for utvalde grupper er det opplæring i energileiing (ISO 50001), billetteringsutstyr og matsikkerheit for kioskdrift (IK-MAT, bemanna kiosk).

Kartlegging blant verneomboda

Fjord1 gjennomførte ei spørjeundersøking blant verneomboda i november 2024. Undersøkinga hadde som mål å styrkje rolla til verneomboda i selskapet. Svara frå undersøkinga dannar grunnlag for vidare arbeid med opplæring og styrking av rolla i 2025.

Oppfølging av sjukefråvær

For å styrkje oppfølginga av sjukefråvær gjennomførte HR-avdelinga to overordna status- og oppfølgingsmøte i 2024 med påfølgjande oppfølging i enkeltsaker. I desse møta deltok operative leiarar og bemanningskoordina-

torar for kvar eining. Dette bidrog til fagleg utvikling og evaluering av sjukefråværsoppfølginga i selskapet.

I løpet av 2024 innvilga vi 92 behandlingsordningar for tilsette. Dette er ei ordning der selskapet dekkjer behandlingsutgifter som kan førebyggje og redusere sjukefråvær. I tillegg dekte vi influensavaksine for alle fast tilsette for å førebyggje sjukdom.

Vi har i 2024 planlagt og utarbeidd ei ny arbeidsflate for skipsførarar i HR-systemet. Arbeidsflata skal leggje til rette for systematisk medarbeidar- og sjukefråværsoppfølging. Ved utgangen av 2024 var systemet i testfase, med planlagd lansering i tredje kvartal 2025. For å sikre god oppfølging og informasjonsflyt blei det i 2024 gjennomført seks nærværsmøte for leiarar i administrasjonen. På møta har ein teke opp tema som nærvær og sjukefråvær, og dette har bidrege til auka kunnskap og betre praksis for oppfølging av tilsette. I tillegg til dette har Fjord1 inngått ein avtale om prøveprosjekt med ABEL, som vil kunne redusere og førebyggje sjukefråvær. Dette er ytterlegare beskrive under «Konkurransedyktige vilkår». Desse tiltaka er ein del av arbeidet til Fjord1 for å sikre attraktive og konkurransedyktige vilkår for dei tilsette.

For å sikre kompetanse og utvikling innvilga vi 11 stipend for sjøtilsette som ønskte å vidareutdanne seg til navigatør/maskinist i 2024.

ESRS S1-5:

Mål for korleis vesentlege negative påverknadar skal handterast, positive påverknader styrkast og moglegheiter handterast

Eit godt arbeidsmiljø og ein trygg arbeidsplass

Mål for medarbeidarundersøking
Vi gjennomførte ikkje medarbeidarundersøking i 2024. Neste medarbeidarundersøking er planlagt i 2025. Vi har

som mål å auke skåren på denne undersøkinga samanlikna med resultata frå 2022 og 2023.

Framgang

Vi har målt ulike område som treff på arbeidsmiljø og trygg arbeidsplass, og vi vil halde fram med å måle på dei same ni områda i 2025. Her er resultata frå selskapa Fjord1 AS og F1 Administrasjon AS for 2022 og 2023 (topp score er sju):

Område	2022	2023
Motivasjon og tilfredsheit	5,05	5,15
Eigen arbeidssituasjon	5,12	5,28
Balanse mellom arbeidsliv og privatliv	5,52	4,71
Fagleg og personleg utvikling	4,60	4,61
Min næraste leiar	5,57	5,58
Mi eining	5,37	5,45
Vår verksemd	3,38	3,41
Fjord1 si øvste leiing	3,96	3,95
Varsling og arbeidsmiljø	4,29	4,35

Konkurransedyktige vilkår

Mål

Vi har førebels ikkje sett konkrete mål på dette området. Vi har prioritert å identifisere og forstå dei faktiske behova og utviklingsområda for selskapet. Dette har vore ein viktig prosess for å sikre at dei måla vi set, er relevante og målretta.

Framgang

I 2024 har vi gjennomført fleire tiltak for å tilby konkurransedyktige vilkår. Dette arbeidet gjev oss godt grunnlag for å kunne setje tydelege og målbare mål for 2025. Vi erkjenner at det er viktig å vere ein attraktiv arbeidsplass, og derfor vil vi halde fram med å arbeide systematisk med å utvikle og styrkje vilkåra i selskapet.

Kompetanse og utvikling

Mål

Mål for kompetanse og utvikling er definert i HMS-strategiplanen for 2022–2026. Målet er: Vi har den ønskte kompetansen i heile organisasjonen og veit

kva kompetanse vi treng i framtida. Vi set i verk tiltak for å minske gapet mellom eksisterande og ønskt kompetanse. Vi deler kompetanse internt i avdelingar og på tvers i heile organisasjonen.

Framgang

Vi har god kontroll på påkravd kompetanse i selskapet, og dei fleste tilsette har gjennomført obligatoriske kurs for sine stillingar. Vi har starta arbeidet med å forbetre dei digitale systema og rutinane våre for å betre kompetansekontrollen for reiarlaget og leiarane, og dessutan dei enkelte tilsette. Dette arbeidet er i gang og vil bidra til at vi kan samle inn og rapportere data meir effektivt og konkret i framtida.

Vidare vil vi gå gjennomgå rutinar for medarbeidar- og resultatsamtalar for å sikre ei styrking av utvikling og læring for dei tilsette. Dette vil bidra til å identifisere kompetansegap og utviklingsbehov, og sikre at vi kontinuerleg forbetrar prosessane våre og støttar den faglege veksten til dei tilsette. Vi vil komme tilbake til dette i neste års rapport.

Sjukefråvær

Mål

Totalt: ≤ 5,1%
Sjøtilsette: ≤ 5,4%
Administrasjonen: ≤ 3,0%

Desse måltala for 2024 blir vidareført i 2025.

Framgang

Resultat for Fjord1 samla i 2024 var 6,1 %, samanlikna med 6,6 % i 2023. Dette gav ein reduksjon på 0,4 %.

Resultatet for sjøtilsette i 2024 var 6,6 %, samanlikna med 7,1 % i 2023. Dette gav ein reduksjon på 0,6 %.

Resultatet for administrasjonen i 2024 var 2,9 %, samanlikna med 2,2 % i 2023 er dette ein auke på 0,7 %.

ESRS S1-6:

Opplysningar om foretaket sine tilsette

I tabellane nedafor er Fjord1 AS omtalt som sjøtilsette og tilsette i F1 Administrasjon AS som landtilsette.


Tilsette etter kjønn, faste og mellombels tilsette

Sjø- og landtilsette Tilsett-type/avtale	2024			2023		
	Kvinner	Menn	Samla	Kvinner	Menn	Samla
Fast tilsett	164	972	1 136	152	952	1 104
Mellombels tilsett	40	209	249	68	327	395
Tilsette utan garantert arbeidstid	38	288	326	3	113	116
Totalt	242	1 469	1 711	223	1 392	1 615

Landtilsette Tilsett-type/avtale	2024			2023		
	Kvinner	Menn	Samla	Kvinner	Menn	Samla
Fast tilsett	53	84	137	51	76	127
Mellombels tilsett	13	18	35	18	23	42
Tilsette utan garantert arbeidstid	1	3	4	0	1	1
Totalt	67	105	176	69	100	170

Sjøtilsette Tilsett-type/avtale	2024			2023		
	Kvinner	Menn	Samla	Kvinner	Menn	Samla
Fast tilsett	111	888	999	101	876	977
Mellombels tilsett	27	191	218	50	304	354
Tilsette utan garantert arbeidstid	37	285	322	3	112	115
Totalt	175	1 364	1 539	154	1 292	1 446

Tilsette etter kjønn 2024



Medarbeidaravgang

Tabellen nedafor viser oversikt over medarbeidar-avgang. Medarbeidaravgang i Fjord1 AS og F1 Admini-strasjon AS utgjorde i 2024 13,79 prosent av det totale talet på tilsette.

Medarbeidaravgang (turnover)	2024	2023
Tal på sjøtilsette som slutta	128	98
Tal i prosent	14,2 %	10,9 %
Tal på landtilsette som slutta	14	10
Tal i prosent	10,9 %	8,0 %
Total i prosent (sjø- og landtilsette)	13,8 %	10,5 %

Metodikk og føresetnader som er brukte for å samle inn data om dei tilsette

Vi har nytta eit internt HR-system for å samle inn data om dei tilsette. Tala inkluderer både heiltid og deltid, og data er basert på målingar ved utgangen av rapporteringsperioden. Den faktiske datoen for endringa vert langt til grunn for registrering av alle oppseiingar og nytilsettingar i systemet. Tilsette i andre dotterselskap enn F1 Administrasjon AS vil bli inkludert i vil bli inkluderte i berekraftsrapporten for 2025. Talet på tilsette er rapportert i årsrapporten og i utgreiing om likestilling.

Opplysningar om kontekstuell informasjon som er nødvendig for å forstå data (tilsette)

For å forstå talet på tilsette i Fjord1 må ein merkje seg at arbeidskrafta varierer etter etterspurnad. Dette er spesielt merkbart i dei periodane der vi har høgast aktivitet, som på sommaren og i periodar med feriar.

Tilsettingsnummer blir rapportert som talet på tilsette eller årsverk

Fjord1 rapporterer tilsettingsnummer som talet på tilsette. På grunn av ulike arbeidsmønster og deltid, brukar vi begge metodar for talet på tilsette for å gje eit meir presist bilete av arbeidskrafta.



ESRS S1–7: Opplysningar om ikkje tilsette arbeidere i foretaket sin eigen arbeidsstyrke

Innleigd personell

Innleigd personell (frå bemanningsbyrå, konsulentar og sjølvstendig næringsdrivande)	Totalt tal på personar 2024	Totalt tal på personar 2023	Kvinner	Menn	Anna
Innleigd personell, landtilsette	4	0		4	–
Innleigd personell, sjøtilsette (sjø)	32	0	2	30	–
Totalt tal for sjø og land	36	0	2	34	–
Gjennomsnittleg % av totalt tal på tilsette på sjø og land	–	–	–	–	–

I 2024 har Fjord1 sett ein auke i behovet for å leige inn personell samanlikna med 2023. Dette kjem av at det er vanskeleg å rekruttere faste tilsette til stillingar på fartøya. Vi ønskjer å bruke eigne mellombels tilsette i størst mogleg grad og minimere bruken av innleigd personell. For å sikre drift utan innstilte ferjer har vi i periodar valt å leige inn personell gjennom eksterne bemanningsbyrå. Framover vil vi leggje større vekt på rekruttering for å møte bemanningsbehovet gjennom eigne tilsette og redusere avhengnaden av innleige.

Fjord1 er avhengig av eksterne leverandørar og konsulentar for å kunne utføre spesifikke oppgåver som vi ikkje har interne ressursar til. Dette gjeld mellom anna vedlikehald av fartøy, spesialiserte IT-tenester og prosjektbaserte arbeidsoppgåver som ikkje utgjer eit fast behov gjennom året. Dei 36 innleigde personane som leverte spesialiserte tenester til selskapet i 2024, utførte tenester inannfor områda vedlikehald, IT-støtte og andre tekniske tenester. Desse er ikkje tilsette i Fjord1, men jobbar på kontrakt. 32 personar har levert tenester til Fjord1 AS og 4 personar til administrasjonen (F1 Administrasjon AS).

Alle innleigde som arbeider for Fjord1, er anten innleigde gjennom godkjende bemanningsbyrå, engasjerte via underleverandørar eller tilknytte prosjekt gjennom tredje-partar. Fjord1 sikrar at desse arbeidstakarane har gyldige kontraktar og følgjer verksemda sine HMS- og berekrafts-standardar.

Metodikk og føresetnader som er brukt for å samle inn data for dei tilsette

For å samle inn data om ikkje-tilsette arbeidarar i eigen arbeidsstyrke har vi nytta same metodikk og føresetnader som for opplysningar om dei tilsette.

ESRS S1-9:
Parametrar for mangfald

Kjønnsfordeling i toppleinga

Kjønnsfordeling tilsette i toppleinga	2024	2023
Kvinner (tal)	1	1
Prosentdel kvinner i toppleinga	20 %	20 %
Menn (tal)	4	4
Prosentdel menn i toppleinga	80 %	80 %
Samla (tal)	5	5

Tilsette etter aldersgruppe


Tilsette etter aldersgruppe sjø	2024	2023
Under 30 år	424	373
Prosentdel under 30 år	27 %	26 %
Mellom 30 og 50 år	539	500
Prosentdel mellom 30 og 50 år	36 %	35 %
Over 50 år	576	573
Prosentdel over 50 år	37 %	39 %

Tilsette etter aldersgruppe land	2024	2023
Under 30 år	31	40
Prosentdel under 30 år	18 %	24 %
Mellom 30 og 50 år	89	78
Prosentdel mellom 30 og 50 år	51 %	46 %
Over 50 år	52	51
Prosentdel over 50 år	31 %	30 %


Tilsette etter aldersgruppe samla for sjø og land	2024	2023
Under 30 år	455	413
Prosentdel under 30 år	28 %	25 %
Mellom 30 og 50 år	628	578
Prosentdel mellom 30 og 50 år	36 %	37 %
Over 50 år	628	624
Prosentdel over 50 år	36 %	38 %

Parametrar for mangfald 2024

Kjønnsfordeling i toppleinga



Tilsette etter aldersgruppe



S1-10:

Tilstrekkeleg løn

Fjord1 sørgjer for at den lågaste lønna oppfyller krava til tilstrekkeleg lønn i samsvar med gjeldande tariffavtarar. Ingen tilsette i Fjord1 tener under det fastsette adekvate lønnsnivået.

ESRS S1-11:

Sosialstønad

Alle tilsette i vår eiga verksemd er dekte av sosial sikkerheit gjennom offentlege ordningar eller tilbod om ytingar frå arbeidsgivar.

- Dette gjeld
- tappt inntekt ved sjukdom
 - tappt inntekt ved arbeidsløyse frå første arbeidsdag
 - tappt inntekt ved yrkesskade eller erverva uførleik
 - tappt inntekt ved foreldrepermisjon
 - tappt inntekt ved pensjonering



ESRS S1-13:

Parametrar for opplæring og kompetanseutvikling

Vi har ikkje konkrete tal som støttar krav til rapportering for «Opplæring og mål/KPI-ar for utvikling» for rapporteringsåret 2024, utover for medarbeidarsamtale. Vi vil i 2025 gjere vurderingar på måltal for området.

Det er obligatorisk å gjennomføre medarbeidarsamtale i Fjord1 AS og F1 Administrasjon AS, og gjennomføringsgraden skal dermed vere 100 prosent. I 2024 hadde vi ein gjennomføringsgrad på 40,8 prosent. Dette er langt unna målsetnaden. I 2024 har vi arbeidd med å forenkle og styrkje medarbeidaroppfølging for leiarane våre. Vi har utvikla ei arbeidsflate i HR-systemet for leiarar og var ved utgangen av 2024 i ein testfase for skipsførarar. Arbeidsflata skal lanserast i 2025 og skal bidra til å auke gjennomføringsgraden av medarbeidarsamtalar.

Vi har ikkje systematiserte utviklings- og karrieresamtalar for tilsette i Fjord1 AS. For tilsette i F1 Administrasjon AS har vi resultatsamtalar, men det er ikkje systematisk gjennomført eller gjort målingar på dette. For 2024 har vi derfor ikkje tal på dette.

ESRS S1-14:

Parametrar for arbeidsmiljø

Opplysningar om helse og sikkerheit

	2024	2023
Prosentdel av eigen arbeidsstyrke som er omfatta av arbeidsmiljøsystema i føretaket på grunnlag av lovfesta krav og eller anerkjende standardar eller retningslinjer	100 %	100 %
Talet på arbeidsrelaterte ulykker	54	49
Ulykkefrekvens	24,38	22,13
Talet på tilfelle av arbeidsrelatert dårleg helse	5	Ukjent
Talet på tapte dagar på grunn av arbeidsrelaterte skadar og dødsfall som følgje av arbeidsrelaterte ulykker, arbeidsrelatert dårleg helse og dødsfall som følgje av dårleg helse	Ukjent	Ukjent

ESRS S1-16:

Parametrar for godtgjersle (forskjell i løn og samla godtgjersle)

Det har vore ei positiv utvikling i lønnsgapet mellom kvinner og menn sidan i fjor og lønngavet er på nivå med det generelle lønnsgapet i bransjen. Hovudårsaka til lønnsgapet er at det framleis er fleire menn enn kvinner i toppleiinga, noko som bidreg til å trekkje gjennomsnittsløna for menn opp. Arbeidet med å sikre lik lønn for likt arbeid er viktig for oss.

Forskjellane er i hovudsak knytte til ujamn fordeling av erfaring, utdanning og grad av vanskar med å rekruttere til konkrete stillingar. Lokalisasjon i landet og

tilgang til kvalifiserte kandidatar kan også spele inn. Vi vil vidare analysere dette nærare for å sikre at vi ikkje har diskriminerande element i lønnspolitikken vår.

Om ein ser på gjennomsnittleg lønn for menn og kvinner blant administrasjonstilsette, finn vi at kvinner tener i gjennomsnitt 87,5 prosent av det menn gjer. Denne skilnaden har opphav i fleire forhold. I administrasjon er det fleire mannlege leiarar enn kvinner. Vi ser også at det er langt fleire menn innanfor tekniske stillingar, der det ofte er høgare utdanna personell. For dei sjøtilsette er det også forskjell på gjennomsnittleg lønn mellom kvinner og menn, der kvinner i gjennomsnitt tener 80,3 prosent av det menn gjer. Årsaka er at det er langt fleire menn enn kvinner i leiande posisjonar på sjø.

Lønnsforskjell og samla godtgjering

Sjøtilsette	2024	2023
Lønnsforskjell mellom kjønn i prosent	19,73 %	%
Årleg samla godtgjeringsgrad for den høgast betalte personen i forhold til medianverdien av årleg samla godtgjering for alle tilsette	2,05	Ukjent

Landtilsette	2024	2023
Lønnsforskjell mellom kjønn i prosent	12,53 %	%
Årleg samla godtgjeringsgrad for den høgast betalte personen i forhold til medianverdien av årleg samla godtgjering for alle tilsette	12,45	Ukjent

Sjø- og landtilsette	2024	2023
Lønnsforskjell mellom kjønn i prosent	18,96 %	%
Årleg samla godtgjeringsgrad for den høgast betalte personen i forhold til medianverdien av årleg samla godtgjering for alle tilsette	9,25	Ukjent

Lønnsgap mellom kjønn

Sjøtilsette	Gjennomsnittleg årslønn	Landtilsette	Gjennomsnittleg årslønn
Menn	752 394	Menn	654 550
Kvinner	504 476	Kvinner	508 762

Sjø og landtilsette	Gjennomsnittleg årslønn
Menn	739 496
Kvinner	503 773



Årleg total godtgjersle

Sjøtilsette	Forhold	Landtilsette	Forhold
Høgast betalte	1 543 126	Høgast betalte	6 727 997
Median	752 123	Median	540 566

Sjø og landtilsette	Forhold
Høgast betalte	6 727 997
Median	727 550

Oversikta viser alle tilsette som har over 10 000 kroner utbetalt i 2024. Timevikarar som har hatt utbetalingar under 10 000 kroner i løpet av året, er ikkje med i lista.

Lønnsgap mellom kjønn 2024
(i norske kroner)



ESRS S1-17:
Hendingar, klagar og alvorlege brot på menneskerettar

Tabell: S1-17_01: 103a

	Tal	Kommentar
Tilfelle av diskriminering	0	Ingen melde inn via ekstern kanal. Ingen melde inn via EQS/HR. Vi har ikkje tal over eventuelle tilfelle som er melde via andre kanalar enn dette.
Klager som er leverte inn gjennom kanalar der tilsette kan ta opp bekymringar	33	2 melde inn via ekstern kanal. 4 melde inn via EQS/styringssystemet. 27 til HR.
Klager til nasjonale kontaktpunkt for multinasjonale selskap i OECD	0	Ingen
Bøter og erstatning for skadar som følgje av diskrimineringstilfelle, inkludert trakassering og klager	0	Ingen

Fjord1 har ikkje fått bøter, straffer og erstatningar for skadar som følgje av brot på arbeidsrelatert diskriminering og trakassering i 2024.


Vi har gått gjennom kanalane våre for slike varsel og samanstilt tal til oversikta ovanfor. Vi har ikkje fullstendige tal, men vi har følgd opp alle saker som er melde inn. I 2024 blei det gjort endringar på korleis vi hentar inn opplysningar og saksbehandlar hendingar som gjeld tilsette i selskapet. Dette har gjort til at vi har betre oversikt over talet på saker som blir melde inn i løpet av

året. Vi ser framleis at vi har ein veg å gå for å sikre at tala er korrekte, og at vi har nøyaktig oversikt. Fordi vi har fleire ulike kanalar der tilsette kan melde inn slike saker er det ein risiko for at selskapet ikkje får totaloversikt. Dette arbeider vi kontinuerleg med, og vi har ein plan for å få betre oversikt i løpet av 2025.

Fjord1 har ikkje hatt alvorlege menneskerettslege problem og hendingar med eigen arbeidsstyrke i 2024. Selskapet har heller ikkje fått straff, bøter eller erstatningar i samband med dette.



Påverka lokalsamfunn



Fjord1 spelar ei avgjerande rolle for lokalsamfunna langs kysten ved å binde saman øyar, bygder og byar. Ferjesambanda sikrar at folk kjem seg til jobb, skule og helsetenester, samtidig som dei legg til rette for næringsliv og turisme. Utan påliteleg transport ville mange område vore isolerte, og samfunnsutviklinga ville stoppa opp. Derfor er Fjord1 ikkje berre ein transportør, men ein samfunnskritisk transportleverandør som held kystsamfunna levande og tilgjengelege heile året.

ESRS 2 SBM 2 og 3:

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for påverka lokalsamfunn

I den doble vesentlegheitsanalysen som blei gjennomført i 2024 for påverka lokalsamfunn (S3), blei det avdekket ein vesentleg positiv påverknad.

Undertema	IRO	Beskriving	Verdikjede
Økonomiske, sosiale og kulturelle rettar til lokale samfunn	Positiv påverknad	Samfunnskritisk infrastruktur – Fjord1 er ein viktig leverandør til sikker og påliteleg transport, både i kvardagen og ved nødstilfelle. Dette har ein positiv påverknad på lokalsamfunna det gjeld, kritisk transportinfrastruktur og nasjonal sikkerheit ved krig og nød.	Eigne aktivitetar



ESRS S3-1:

Strategiar for råka samfunn

Fjord1 hadde i 2024 ikkje konkrete retningslinjer som dekkjer dette temaet, men det er ein viktig del av kulturen vår. Vi vil arbeide med å få innført dette før apporteringa for neste år.

ESRS S3-2:

Rutinar for kontakt med råka samfunn om påverknad

Fjord1 driftar samband etter avtale med oppdrags-givaren. Den formaliserte dialogen går gjennom samarbeidsmøte med oppdragsgivaren. Fjord1 blir også invitert til folkemøte eller dialogmøte for å påverka kommunar eller lokalsamfunn.

Innspel til ruteendring og dialog rundt drift av samband skjer direkte med oppdragsgivaren. Når vi får innspel frå reisande og innbyggjarar, viser vi dei ofte vidare til oppdragsgivaren, eller vi noterer innspelet til vidare dialog med den aktuelle oppdragsgivaren.

Dialogar og møte i 2024	Lokalsamfunn
Synfaring med kommunestyret på Eidsdal ferjekai i samband med ladeanlegg på den aktuelle kaia.	Fjord kommune
Informasjonsmøte med politikarar ved oppstart av sommar-rute, trafikkavvikling, kaivakter, kommunikasjon, reservemateriell, beredskap. Sambandet Eidsdal-Linge.	Fjord kommune
Endring av rutetider. Møte med politikarar og oppdragsgivar	Kristiansund kommune
Møte med oppdragsgivar Kolumbus for å optimalisere ruteplan for brukarar av bybåtane.	Rogaland fylkeskommune

Samfunna i nærleiken av eit ferjesamband er ofte avhengige av ferje for å knyte seg til større regionar, eit sentrum eller ein by. Denne infrastrukturen kan også vere kritisk i tilfelle der det til dømes oppstår ein nødsituasjon og ferja må støtte opp med beredskapstur eller delta i redningsaksjon på sjø.

I 2024 deltok Fjord1 i fire redningsaksjonar. Aksjonane inkluderte berging av fartøy med mannskap om bord og ein passasjer som trong hjelp. Fjord1 køyrde 773 ekstra turar i tilknyting til ambulanse og utrykking i året som gjekk.

ESRS S3-3:

Rutinar for å avhjelpe negative påverknader, og kanalar der råka samfunn kan gi uttrykk for bekymringar

Kanalar for kundekontakt

Fjord1 har etablert fleire kanalar for tilbakemelding som mellom anna kundar og lokalsamfunn kan nytte.

Generelle tilbakemeldingskanalar

På nettsida vår kan både lokalsamfunn og andre interessentar sende inn tilbakemeldingar og klagar. Dette gir ein enkel måte å registrere bekymringar og behov på. Ein kan også nå Fjord1 på telefon via sentralbordet.

Fjord1 har etablert gode rutinar for å skape flyt i behandling av kundeklagar og tilbakemeldingar, og for å skape endring og forbetring i service overfor dei reisande. Statistikken frå sentralbordet viser at vi fekk 5 805 førespurnadar som var knytt til sambanda våre, drifta og generelle spørsmål om Fjord1 i 2024.

Fjord1 fekk 860 kundeklagar i 2024. Desse er behandla og svart på i samsvar med prosessen som er skildra i eit avsnitt lenger oppe. I tillegg analyserer vi kvar veke statistikken vi får inn, basert på trafikken som kjem via nettsidene våre for å få ein status på korleis og kva slags informasjon vår interessentar er på jakt etter. Tala viser stor trafikk og gjev oss god innsikt.

Fjord1 vil også vurdere å gjennomføre ei undersøking blant kundar for å måle om kanalane våre er kjende og effektive nok for å imøtekomme behova til dei påverka lokalsamfunna / dei reisande.



Eksterne varslingskanalar

For større og meir alvorlege tilbakemeldingar har vi eksterne varslingskanalar som sikrar at slike tilbake-meldingar blir behandla på rett måte.

Openheitslova

Har ein spørsmål til Fjord1 sitt arbeid for å hindre negative konsekvensar av verksemda for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, eller om ein har ønskje om å gjere merksam på relevante forhold, kan ein varsle via ein etablert kanal som blir drifta og handtert av ein ekstern part.

Ekstern varslingskanal

Det er også etablert ein eigen varslingskanal for at til-sette, og eventuelt eksterne, skal kunne varsle om kritikk-verdige forhold som det er vanskeleg å ta opp gjennom

andre kanalar internt. Denne kanalen blir også drifta av ein ekstern part.

Transportklagenemnda

Dersom ei klage ikkje blir tilstrekkeleg behandla hos oss, kan kunden velje å ta saka vidare til Transportklage-nemnda for ei uavhengig vurdering. Fjord1 sikrar at alle bekymringar blir høyrde og behandla på ein rettferdig og open måte. Det kan varslast anonymt dersom ein ønskjer det.

Ved kundeklagar/tilbakemeldingar ønskjer vi at kunden eller varslar opplyser om namn, slik at vi får høve til å svare vedkommande. Ved vidareformidling av ein kundeklage / ei tilbakemelding internt, vil førstelinje alltid anonymisere førespurnaden, slik at ikkje namn og andre opplysningar om kunden blir vidareformidla.

ESRS S3-4 og S3-5:

Tiltak og måloppnåing for vårt samfunnsansvar og samfunnsengasjement

Samfunnsengasjement står sentralt i Fjord1, og selskapet er ein viktig aktør for å sikre busetjing og verdiskaping langs kysten. Ved å tilby stabil og moderne transport, bidreg vi til å halde lokalsamfunna levande og attraktive, både for fastbuande og tilreisande. Fjord1 er ein sentral del av den norske kystkulturen, ein viktig samfunnsaktør og ein framtidsretta transportør som tek sitt ansvar for både menneske og miljø.

Fjord1 ser verdien av å setje konkrete mål for å handtere den positive påverkinga i lokalsamfunn. Utover det som er beskrive i avsnitta nedanfor, har selskapet førebels ikkje sett konkrete mål.

Sikker og påliteleg transport, samfunnskritisk infrastruktur
Fjord1 er ein viktig leverandør av kritisk transportinfrastruktur som sikrar påliteleg transport for lokalsamfunn både i kvardagen og under nødstilfelle. Dette har ein positiv innverknad på den nasjonale sikkerheita og stabiliteten, spesielt ved pandemi, naturkatastrofar eller andre kriser / nødsituasjonar.

Fjord1 påverkar positivt ved å bidra til auka tilgang til varer og tenester. Vi sørgjer for moderne infrastruktur og reduserer forureining ved å bruke ny teknologi i våre fartøy. Reisande kan også bruke ferjene utan køyretøy.

Andre bidrag til lokalsamfunna blei ikkje identifisert som eit vesentleg tema i analysen av dobbelt vesentlegheit og er derfor ikkje eit opplysningskrav. Fjord1 ønskjer likevel å opplyse om at selskapet på fleire måtar gjere ein stor innsats for å styrkje og støtte lokalmiljøa vi opererer i.

Lokal bidragsytar
Fjord1 er ein viktig lokal arbeidsplass for sambanda vi driftar. Dette gjeld arbeid om bord, ved landanlegget på kaia, på verkstad eller andre tenester som mat-leveransar eller serviceavtalar. Fjord1 har samband som strekkjer seg frå sør til nord. Hovudvekta av kontraktar ligg på Vestlandet og i Møre og Romsdal. Ferjene lettar transporten av gods og forsyningskjeder frå fastlandet, der fartøya er ein kostnadseffektiv og påliteleg måte å transportere varer på. Dette bidreg til å halde oppe konkurranseevna ute i distrikta.

Turisme og økonomisk utvikling
Fjord1 bidreg til å styrkje turistnæringa i fleire lokal-samfunn gjennom å tilby ein effektiv og praktisk måte for reisande å utforske kystnære destinasjonar på. Fartøya våre kan bidra til å gjere utkantdestinasjonane meir tilgjengelege for turistar og andre besøkjande. Eit godt rutetilbod kan bidra til å auke besøkstal og økonomisk vekst for lokalmiljø, som er avhengig av Fjord1 i det daglege. Døme på bidrag til turistr trafikk er turistruta Kaupanger–Gudvangen og ekstra avgangar i samband med til dømes Moldejazz 2024.

Sponsing av aktivitetar
Sponsing av aktivitetar blei ikkje identifisert som eit vesentleg tema i analysen av dobbelt vesentlegheit og er derfor ikkje eit opplysningskrav. Fjord1 ønskjer likevel å opplyse om at selskapet utgjer ein forskjell ved å sette av midlar til dette føremålet.

Vi vil oppdatere analysen og kjem tilbake til dette i rapporten for 2025.

Gjennom sponsing av lokale aktivitetar bidreg Fjord1 til å styrkje og fremje positive utviklingstiltak i lokalsamfunna. Dette fremjar sosial samanheng og trivsel blant innbyggjarane.

Døme på støtte og utviklingstiltak

Prosjekt	Støtte til
Idrettsarrangementet midtnorsk meisterskap i trial på Åfarnes. Målgruppe: born og unge.	Holmemstranda IL Trial
Sponsormidlane var med på å bidra til å halde treningsutgiftene nede, slik at ein kan ha eit tilbod til fleire.	Midsund Handball
Idrettslaget legg vekt på berekraft og ulike sosiale berekraftsprosjekt.	Nore Neset Idrettslag
Sluttspel i handball for Midt-Noreg i årsklassane gutar og jenter 14 år.	Ørland Ballklubb
Ei ny badstove som skal bidra til betre fysisk og psykisk helse hos barn og unge.	Trivsel i Bygda Kjøpsvik
Sponsormidlar til å få i stand ein lokal festival.	Trandalrock 2024
Skape små og store arrangement der hovudmålet er å skape ny relasjonar for nyttilflytta og eksisterande innbyggjarar under 40 år.	Flora U40
Støtte til samfunnsprosjekta som <i>Gatelaget</i> , <i>Brannsjansen</i> , <i>Hjertepartner</i> og <i>MOT-hjørnepartner</i> .	Sportsklubben Brann




04

Styringsmessig informasjon

G1



I kapittelet styringsmessig informasjon presenterer vi arbeidet med å sikre god forretningsskikk. Ferjevettreglane er eit av fleire viktig tiltak.



Forretningsskikk

Dette kapitlet skildrar korleis Fjord1 jobbar med å sikre god forretningsskikk. Fjord1 har etablert forretningsetiske retningslinjer som er forankra hos styret og gjennomførte i organisasjonen gjennom leiinga. Kulturen i Fjord1 skal vere tufta på god forretningsskikk, ein open og ærleg framtoning, og respekt for kvarandre. Retningslinjene danner grunnlag for reglane og prosedyrane våre, og skildrar den etiske standarden og forventningane til åtferd.

ESRS 2 SBM-3: Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter for deira samspel med strategi og forretningsmodellar

Tabellen nedanfor viser dei mest vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene som blei identifiserte for temaet forretningsskikk i samband med analysen av dobbelt vesentlegheit. Ei beskriving av korleis analysen blei gjennomført, er teken med i kapitlet «Generelle opplysningskrav i ESRS2».

Undertema	IRO	Beskriving	Verdikjede
Selskapskultur	Positiv påverknad	Ei tydeleg leiing og eit forankra styringssystem fremjar berekraftig og etisk selskapskultur. Dette påverkar alle i selskapet, kundar, og leverandørar positivt. Open, lojal og transparent kommunikasjon frå leiinga styrkjer tillit og samarbeid på tvers, og fremjar ein slik kultur.	Eigne aktivitetar
	Moglegheit	Ein sterk og positiv forretningskultur kan differensiere Fjord1 i marknaden og tiltrekke seg kundar, investorar og talent (nye tilsette). Bruk av kulturen og verdiane til selskapet i marknadsføring og kommunikasjon for å byggje ei sterk merkevare. Selskapskultur er også viktig for å fremje engasjement blant dei tilsette.	
Vern av varslarar	Moglegheit	Byggje tillit og stoltheit blant tilsette ved å synleggjere at vi har eit godt og sikkert system for handtering av varslingssaker.	Eigne aktivitetar
Handtering av leverandørforhold	Moglegheit	Gjennom leverandøravtalane våre setje krav til at etterlevinga til leverandørane samsvarar med våre eigne krav til etterleving av forretningsetiske retningslinjer, og andre relevante forhold. Gjennom kontroll av etterlevinga til leverandørane kan vi også sikre at dette blir gjennomført i praksis.	Oppstraums



ESRS 2 GOV-1:

Rolla til administrasjonen, leiinga og kontrollorgana

Rolla til leiinga og styret er som beskrive i ESRS 2 forankra i styringsdokumenta til selskapet. Det er administrerende direktør som har det overordna ansvaret for at retningslinjene blir etterlevde og følgde opp.

Ekspertisen til styret og leiinga på god forretningsetikk baserer seg på erfaring og kunnskap. Styringsdokumenta blir behandla av styret og leiinga.

ESRS G1-1:

Strategiar for god forretningsskikk og bedriftskultur

Fjord1 har etablert eigne forretningsetiske retningslinjer. Dei er forankra hos styret og innførte i organisasjonen

gjennom leiinga. Kulturen i Fjord1 skal vere tufta på god forretningsskikk, open og ærleg framtoning og respekt for kvarandre.

Dei forretnisketiske retningslinjene danner grunnlag for reglane og prosedyrane våre. Dei skildrar den etiske standarden og forventningar til åtferd, relasjonar (inkludert korrupsjon), samfunn og tilsette, miljø og varslings av kritikkverdige forhold. Brot eller mistanke om brot på retningslinjene skal varslast. Manglande etterleving av retningslinjene kan føre til disiplinære reaksjonar. Gjennom det daglege arbeidet vårt og tilhøyrande prosessar og internkontroll sikrar vi rapportering og justering av åtferd for å sikre etterleving av dei forretningsetiske retningslinjene. Retningslinjene gjeld alle tilsette i selskapet og omfattar alle aktivitetar som blir utøvde på vegner av Fjord1.

Dei forretningsetiske retningslinjene er gjenstand for årleg revisjon gjennom styringssystema våre. Oppdateringar og tilpassingar blir gjort kontinuerleg basert på innspel.

Alle tilsette i Fjord1 får grundig innføring i verdiane og retningslinjene til selskapet, som ein del av den obligatoriske innføringsprosessen og reiarlagsutsjekken ved tilsetjing. Les meir om dette i ESRS S-1. Selskapet sikrar at alle oppdateringar av retningslinjene blir gjort kjende for tilsette gjennom styringssystemet.

Gjennom dei forretningsetiske retningslinjene ønskjer vi å leggje føringar og vise veg for forretningskulturen i Fjord1, og skape sikkerheit for at omdømmet til selskapet blir handtert kvar einaste dag gjennom åtferda vår. Verdiane til selskapet er grunnlaget for dette, og dei blir aktivt synleggjorde og brukte for å fremje forretningskulturen i selskapet. Leiinga i selskapet, på alle nivå, har eit særskilt ansvar for å fremje forretningsåttferd i samsvar med retningslinjene våre.

Dei forretningsetiske retningslinjene er gjenstand for årleg revisjon gjennom styringssystema våre. Oppdateringar og tilpassingar blir gjort kontinuerleg basert på innspel. I samband med revisjonen i 2024 blei fleire punkt reviderte ved tydeleggjering av formuleringar og innhald. Spesielt gjaldt dette forhold knytt til sosiale medium, rolla til dei tilsette og varslingsrutinar.

Gjennom heile 2024 har vi arbeidd med ulike tiltak som skal vere med på å styrkje forretningskulturen, for å sikre at vi gjere bruk av dei moglegheitene vi ser. Vi har mellom anna hatt kampanjane «Ver ein god kollega» og «Ferjevettreglane», som påverkar både tilsette, reisande og andre.

Varslingsrutinar og vern av varslarar

I Fjord1 sitt styringssystem er det ei beskriving av prosessen for varslings og ei lenkje til lovverket som regulerer varslings for arbeidstakarar på sjø og land. Verksemda sin prosess for varslings omfattar krav til forsvarleg varslings og varslaren sitt vern mot gjengjelding. Ein finn også ei lenkje til ein ekstern varslingskanal i styringssystemet.

I den digitale e-læringsportalen, Fjord1-skulen, finns det tre kurs som gjev innsikt og opplæring i tematikken rundt varslings og konflikthandtering. Desse kursa er obligatoriske å gjennomføre, og sikrar at dei tilsette er kjende med informasjonen i styringssystemet. Meir informasjon om opplæring er beskrive i ESRS S1.

Fjord1 ønskjer at kritikkverdige forhold blir tekne opp, undersøkte og løyste på eit tidleg tidspunkt og fortrinnsvis på eit lågast mogleg nivå. Varslings skal i hovudsak skje til leiaren på nivået over den som varselet gjeld. Dersom dette av ulike årsaker ikkje er tenleg, skal den tilsette varsle til ein leiar på eit høgare nivå, til HR, til tillitsvald eller verneombod. Bakgrunnen for dette kan mellom anna vere ei habilitetsvurdering der det ligg føre omstende som gjev grunn til svekka tillit, som at mottakar ikkje er upartisk, eller at det kan vere personlege interesser i saka, at ordinær framgangsmåte ikkje fører fram, eller at alvoret i saka tilseier behandling på eit høgare nivå i selskapet.

Dersom HR, tillitsvald eller verneombod er mottakar av varselet, tek denne straks opp saka med ansvarleg leiar på riktig nivå, som vil følgje opp saka vidare. Ved behov for å varsle eksternt skal ein alltid ha prøvd å varsle internt først.

Selskapet har tre formelle kanalar ein kan varsle gjennom: ein intern varslingskanal per e-post, ein utpeika person i selskapet (som tek imot varsel som gjeld brot på sikker drift av fartøy), og eit eksternt advokatfirma. Fjord1 skal sørge for at varslings kan gjennomførast ope eller anonymt. Både innhaldet i varslings og identiteten til varslaren skal handsamast som ei fortruleg opplysning.



ESRS G1-2:

Handtering av leverandørar

Val av leverandørar

For å bli leverandør til Fjord1 må leverandøren gjennom ein kvalifiseringsprosess, inkludert ei vurdering av risiko knytt til menneskerettar og arbeidstakarrettar. Dersom Fjord1 finn grunn til uro, blir det gjennomført ei meir omfattande undersøking eller ein revisjon av den aktuelle leverandøren for å avdekkje om krava våre er tilfredsstilte før ein eventuell avtale blir inngått.

Etter den innleiande risikovurderinga, og når ein leverandør er blitt godkjend, skal det jamleg gjennomførast vurderingar, leverandørbesøk eller andre gjennomgangar av leverandørar med potensiell risiko for berekraft. Fjord1 gjennomfører jamleg revisjonar av spesielt utvalde leverandørar for å få innblikk i bedrifta og for å eventuelt avdekkje risikoar. Dersom vi avdekkjer uregelmessige forhold, vil vi gjennomføre ein grundigare revisjon. Alvorlege tilfelle vil i verste fall føre til oppseiing av leverandøravtalen. Fjord1 har mange leverandørar, i hovudsak norske, men også utanlandske. Som ein relativt stor innkjøpar av varer og tenester har selskapet påverkningskraft.

Innkjøpsprosessen

Alle innkjøp skal i hovudsak gjerast via våre etablerte rammeavtaleleverandørar. På denne måten sikrar vi kontroll over leverandørkjeda.

Ved større innkjøp gjennomfører vi alltid anbudsrundar med eit breitt utval av leverandørar som får kome med tilbod. Valet av rammeavtaleleverandørar er basert på ulike kriterium som er presenterte i anbudsførespurnaden som er sendt til utvalde leverandørar.

Ved enkeltinnkjøp via internsystemet vårt, skal alltid to til tre leverandørar bli førespurt om å levere eit pristilbod.

Leverandørar, forsyningskjede og berekraft

Gjennom Fjord1 sine leverandør- og rammeavtalar forpliktar leverandørane seg til å følgje dei etiske retningslinjene til Fjord1. Etikk og integritet er viktige element

i grensesnittet mellom Fjord1 som selskap og kundar, konkurrentar, leverandørar og oppdragsgjevarar.

Leverandørar som konkurrerer om kontraktar med Fjord1, skal alltid kunne ha tillit til integriteten i selskapet sin innkjøpsprosess. Ved val av leverandørar skal selskapet følgje bedriftsinterne retningslinjer og prosedyrar.

Gjennom eigenerklæring om samfunnsansvar forpliktar leverandørane seg til å integrere miljø og sosiale omsyn i heile verdikjeda. Alle leverandørane som Fjord1 har avtale med, forpliktar seg til å arbeide systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og sikkerhetslovgevinga og dermed tilfredsstille krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemda (internkontrollforskrifta).

I tillegg må leverandørar stadfeste at verksemda deira overheld krava i openheitslova.

Leverandøren skal vise miljøomsyn under førebuinga og utføringa av oppdraget. I tillegg er det avtalefesta at vi kan gjennomføre inspeksjon og fysisk kontroll på driftsstadane til leverandøren. I Fjord1 blir innkjøp gjennomført ved avrop på avtalar eller ved førespurnad i marknaden. Alle deltakarar i anbodskonkurransane våre om avtale må signere eigenerklæringar om HMS og samfunnsansvar i anbudsprosessen, før dei eventuelt kan bli leverandør til Fjord1.

HMS og samfunnsansvar

Fjord1 har krav om at alle nye og eksisterande leverandørar må signere våre eigenerklærings-skjema for HMS og samfunnsansvar. Desse skjema blir jamleg oppdaterte i tråd med nye krav og reglar, og sist i 2023 for å dekkje krava til openheitslova. Vi legg med dette vekt på samfunnsansvar og synleggjer krava vi stiller til leverandørane våre og deira underleverandørar innanfor samfunnsansvar for bedrifta (CSR). Fjord1 forpliktar alle leverandørane sine til å følgje internasjonale standarar, mellom anna FN si menneskerettserklæring og ILO sine kjerne kjernekonvensjonar.

Handtering av samband

Gjennom alle kontraktane til Fjord1 er det regulert at det skal gjennomførast minimum årlege statusmøte mellom leverandøren og Fjord1. Dette for at vi skal kunne halde tett kontakt med leverandørane våre. Fjord1 legg stor vekt på å forplikte leverandørane sine til å signere på eigenerklæringar om både HMS og samfunnsansvar. Gjennom desse forpliktar leverandørane seg til å etterleve krava til Fjord1 gjennom heile forsyningskjeda.

Aktsemdsvurdering

Fjord1 har gjennomført ein overordna risikoanalyse, vurdert ut frå bransje, for å kartleggje moglege negative konsekvensar for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Vurderinga blei utført på eit overordna nivå, basert på innkjøpskategoriane til verksemda. Meir informasjon om aktsemdsvurderingar er å finne i «Generelle opplysningar i ESRS 2».

ESRS G1-6:

Betalingspraksis

Fjord1 har gjennom alle sine kontraktar og avtalar nøye presiserte fakturerings- og betalingsvilkår. Fjord1 stiller krav til alle sine leverandørar om 30 dagar betalingsvilkår på inngåande faktura. Dette blir gjort for å sikre at Fjord1 får betalt alle leverandørane sine innan fristen for forfall av fakturaer, slik at ein hindrar forseinkingar. Alle inngåande faktura til Fjord1 skal gjennom to ulike godkjenningssledd før dei går til utbetaling til leverandøren. I alle rammeavtalar og leverandørkontraktar står krava til fakturering og betalingsvilkår som eit krav til leverandørane.





Strandavegen 15
Tlf.: 57 75 70 00
post@fjord1.no
www.fjord1.no

